



Årsmelding 2014



VÅGÅ
KOMMUNE



ORDFØRARENS KOMMENTAR

ORDFØRAREN

Det er eit privilegium å få vere ordførar og ombod for innbyggjarane i Vågå i det daglege. Det å møte innbyggjarar med ambisjonar for bygda, gjev motivasjon i mitt arbeid med å skape ei positiv samfunnsutvikling av heile Vågå kommune. Det er innbyggjarane som er vår oppdragsgjevarar. Derfor skal vi kvar dag både politisk og administrativ arbeide for å gi innbyggjarane og næringslivet gode tenester. For å skape ei bærekraftig samfunnsutvikling må vi legge langsiktige strategiar for å kunne møte framtidas behov på ein best mogleg måte ut i frå ønskt utvikling. Vi har utfordringar knytt til fødselsunderskot, så korleis kan vi legge til rette for at folk skal velje å busetje seg i Vågå? Kva kan bygda tilby som gjer oss attraktive for dei som ynskjer å arbeide å leve eit liv utanfor storbyane? Korleis skal vi posisjonere oss for å kunne ta ansvar for fleire oppgåver frå Staten?

For at ungdomane skal kunne velje å busetje seg i Vågå etter at dei er ferdige med utdanning må vi som kommune ha eit arbeid å tilby dei. Vi må heile tida jobbe for å skaffa fleire arbeidsplassar. Samtid ser vi at vi på sikt kjem til å mangle varme hender i pleie og omsorg. Det er behov for fleire fagarbeidarar. KS tilrår at kommunane skal ha minimum to lærlingplassar pr. år. Vågå kommune heile tida vore bevisste på å legge til rette for mange fleire lærlingplassar og hadde i 2014 åtte lærlingar innan dei fem fagområda vi er godkjende for. Lærlingane er ein stor ressurs i Vågå kommune.

Vi har dette året arbeidd med kommuneplanens samfunnsdel og arealdelen er oppe til rulling i Vågå kommune. Der har vi følgjande satsingsområde: Stadutvikling, folkehelse, samfunnsutviklingsprosjektet vaken og vågal i Vågå, og klima, miljø og samfunnstryggleik. Vi har hatt fleire opne møte med forskjellige tema knytt til arbeidet, der det har vore god oppslutning frå innbyggjarane.

Omorganiseringsarbeidet starta opp dette året, dette etter bestilling frå kommunestyret. Utgangspunktet var ei analyse av Vågå kommune som organisasjon, utarbeidd av KS. Det vart lagt nokre overordna prinsipielle føringer for arbeidet frå politisk nivå.

Vågå kommune er nå i prosess med Sel kommune for eit utgreiingsarbeid som ein del av kommunereformarbeidet. Kommunestyra har vedteke følgjande inndeling for arbeidet i tre arbeidsgrupper: demografi og økonomi, tenesteyting og forvaltning, samfunnsutvikling og demokrati. Vågå kommune er opptekne av at det er innbyggjarane i Vågå kommune som til slutt skal avgjere om vi skal gå for ei samanslåing av dei to kommunane. Det blir avhalde ei bonde folkeavstemming i Vågå som vil avgjere spørsmålet om samanslåing.

Det å sikre eit berekraftig næringsliv er heilt avgjerande. Det er gledeleg at våre små og mellomstore bedrifter i Nærings-NM kom på 1. plass i vekst i bedrifter. Vidare har vi ei prosentvis auke på arbeidsplassar dei tre siste åra på 2,7%. Dette er gode resultat å ta med seg i det vidare arbeidet. Det viser at vi har eit næringsliv med potensial og som stadig er i utvikling.

Det har vore mykje gode arrangement dette året, ein stor takk til lag, foreiningar og alle friviljuge som har stilt opp. Eg ynskjer spesielt å trekke fram idretten i Vågå som har hatt ei stor vekst i talet på medlemmar i 2014.

Det har vore eit historisk år med markering av grunnloven av 1814. Det har vore mange gode arrangement knytt til dette lokalt. Kommunestyret fekk mellom anna overlevert ei ny lov frå barnehagen. Dette var ei ny og meir kreativ lov.

Takk til frivillige lag og organisasjonar som har bidrege til eit mangfold av aktivitetar og arrangement.

Eg vil takke alle tilsette for samarbeidet og vil rose rådmannen og hans stab for å arbeide målretta med oppfølging av politiske vedtak for ei positiv og framtidstretta utvikling av Vågå kommune.

Saman skapar vi nye moglehete!

*Iselin Jonassen
Ordførar*



**VÅGÅ
KOMMUNE**

Vågå kommune
Edv. Stormsveg 2
2680 Vågå
Org.nr: 939 607 706

Andre opningstider og telefonnummer sjå siste side.

Framsidefoto: Ullinsvin – prestegårdshagen. Fotograf: Roar Strand

Servicetorget
Måndag – Fredag 07.30 – 15.00
Tlf 61 29 36 00 - Fax 61 29 36 01
postmottak@vaga.kommune.no
www.vaga.kommune.no

KOMMUNESTYRET



Isein Jonassen
(AP – Ordførar)



Ivar Vistekleiven
(AP – Varaordførar)



Odd Erik Sveen
(AP)



Jehans Storvik
(AP)



Kjell Nyhus
(AP)



Marianne Skogstad
(AP)



Live Langøygard
(AP)



Tor-Ivar Furuset
(AP)



Ann Inger
Damstuen (AP)




Nina Løkken
Bråten (AP)




Lene Vassdokken
(AP)




Svein Blankenborg
(Bygdalista)



Ivar Valdvik
(Bygdalista)



Steinar Aasgaard
(Bygdalista)




Oddny Kirsti
Vassdokken
(Bygdelista)



Anders Gustav
Bjørnsen (SP)




Ole Jacob Holen
(SP)




Steinar Ola
Håkenstad (SP)



Anne Sjetne
(SV)



Bjørn Steinar
Storvik (uavhengig)



Mette Vårdal
(uavhengig)

ÅRSMELDING RÅDMANNEN SI VURDERING AV 2014

RÅDMANNEN



Årsmeldinga frå administrasjonen til kommunestyret er svaret på i kor stor grad administrasjonen har fulgt opp dei politiske prioriteringene og ambisjonane som er nedfelt i årsbudsjettet. Det er alltid ei viss spenning om kor sluttresultatet vil ligge reelt fordi det dukkar opp mange ting på slutten i rekneskapsarbeidet.

2014 vart eit godt økonomisk år for Vågå kommune. Vi kan registrere at vi har eit rekneskap som viser eit overskot på ca. 4 111 000 kroner.

I budsjett dokumentet for 2014 er det understreka ein del usikre faktorar i taldokumentet, ikkje minst gjeld dette forslaga til endringar innan Helse og Omsorg. Sjølv om desse innsparingstiltaka lot seg vanskeleg realisere, så har vi likevel kome i mål innanfor dei ramene som kommunestyret sette for budsjettåret.

Rådmannen vil derfor rette ein stor takk til sektorsjefar, tenesteleiarar og ikkje minst dei tilsette for positiv vilje til å finne alternativ inndekning for tiltak som vi ikkje makta å realisere. Rådmannen opplever medarbeidarar som viser vilje og lojalitet og ser heile organisasjonen under eitt når vi må ta nye grep for å drive kostnadseffektivt utan å miste synet av dei gode tenestene innbyggjarane i Vågå mottek.

Det har utan tvil vore eit arbeidssomt år og i store delar av året har vi kjørt med redusert mannskap administrativt. I mange tilfelle så kan det gje oss ny erfaring fordi vi må finne alternative løysingar og kanskje kan det og gje oss mykje ny lærdom. Tenesteleiarane har vore uvurderlege i dette arbeidet – dei har teke på seg oppgåver og arbeidd seg inn på nye områder på ein framifrå måte og lagt grunnlaget for gode tenester for våre brukarar.

Kommunestyret vedtok tre handlingsreglar for Økonomiplanperioden 2014-2017. Dette er dei overordna økonomiske føringane i perioda.

- Netto driftsresultat på 3%
- Disposisjonsfond på 8%
- Lånegjeld på maksimalt 100% av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat er på 1,2%, noko under måltalet. Det er rett å understrekje her at Teknisk Beregningutvalg har teke til orde for å nedjustere det tilhørende driftsresultatet (3%) på grunn av dei rekneskapsendringane rundt føring av momskomensasjonen. Sett i ljós av dei noko usikre ambisjonane rundt endringane innan Helse og Omsorg som ikkje lot seg gjennomføre, så vil rådmannen seie seg tilfreds med resultatet.

Disposisjonsfondet er auka med 2,8 mill. kroner i 2014.

Dette utgjer 5,9% av driftsinntektene. Ved å styrke disposisjonsfondet med rekneskapsoverskotet vil Vågå kommune ta eit stort skritt for å innfri kravet om å ha eit disposisjonsfond på 8%.

Lånegjelden auka med ca. ein halv million i 2014.

Hovudårsaka til dette er investeringene i nytt Helsesenter. Låneveksten har vore stor i Vågå i ein del år og ei utflating/reduksjon av dette er naudsynt, noko vi ser teikn til i 2014 og vil vere enda tydelegare i 2015.

Når det er sagt så er tida lønsam for naudsynte investeringar, på grunn av lågt rentenivå, så lenge kommunen har penger på bok til å tåle ei renteauke. Måltalet vil ikkje bli nådd dei første åra, men rådmannen finn det rett og opprethalde ambisjonsnivået.

Det er gledeleg å sjå at vi drifter kommunen billigare i 2014 enn i 2013. Årsaka til dette er samansett, men innstrammingar, lågt nivå på lønsutviklinga og generelle rasjonaliserings tiltak er hovudforklaringa.

Pensjonsutsfordringane for norske kommuner er store. Vi må så langt råd er styrke avsetjing til disposisjonsfondet, da særleg pensjonsfondet, for å vere førebudd på dei store utgiftene som vil kome. Det er ingen grunn til å tru at staten vil bere desse utgiftene for kommunen.

Vågå kommune har ei utfordring med å redusere sjukefråværet. Totalt ligg dette noko høgt. I desse dagane har vi difor starta opp arbeidet med ei arbeidsgjeverpolitiske plan. Vi prioritærer dette for å spisse og tydeleggjere arbeidsgjeverrolla i heile organisasjonen, inkludert det poltiske miljøet, for om mogleg å bli enda bedre som arbeidsgjever og gjennom dette få til eit enda bedre arbeidsmiljø som har meir fokus på nærvær i staden for fråver.

Vågå kommune har over ein del tid jobba med revisjon av kommuneplanen. Vi har hatt stort fokus på dette arbeidet og i den seinaste tida har vi arbeidd mest med arealdelen.

Dette er eit viktig arbeid som skal meisle ut eit framtidsperspektiv i kommunen og som skal vere eit overordna vegval for alt planarbeid framover.

I august 2014 starta vi opp eit omorganiseringssprosjekt i Vågå kommune. Dette har vi sluttført nå og om stutt tid vil det bli lagt fram ein del reglementsrevisjonar for kommunestyret. Vi har funne ein modell i godt samarbeid med tenesteleiatarar, tillitsvalde, hovudvernombod og tidlegare sektorsjefar. Ambisjonane i modellvalet er å gje tenesteleiarane meir mynde i høve til si eiga drift og samstundes gjere vegen frå brukar til avgjerdstakar stuttare. Dette har vore ein sær positiv prosess og med eit godt samspel. Slike prosessar tvingar ofte fram ein del støy og misnøye, men i det store og heile har dette vore fråverande. Sjølvsagt er det ikkje alle som er like nøgde, men det må ein rekne med. Vi har gjennomført prosessen utan å bruke eksterne folk. Vi har spara mykje pengar på dette, samstundes som vi sit att med ein god kjensle over å mestre slike prosessar i eigen organisasjon.

Vågå har i ei årrekke vore ei sær aktiv prosjektkommune. Nokre av prosjekta har vorte liggjande og kanskje prosjekt som har vore meir marknadsført enn andre. Det ligg ei fare i å ha liggjande for mange prosjekt på is fordi dette handlar om tiltru til gjennomføringskrafta i kommunen. Vi valde difor ut det mest omtala prosjektet for å gje dette ei siste sjanse (Galleri Krogvold). Det er sett ned ei prosjektgruppe som jobber godt og har kome godt i gang og som skal vere ferdig med eit forprosjekt innan hausten. Som støtte for dette prosjektet og for å styrke innovasjonsarbeidet i kommunen, fekk Vågå plass på eit innovasjonsstudie i regi av fylkesmannen. I dette studiet deltek ordførar, rådmann, næringskjef og ein opposisjonspolitiker.

Det har vore arbeidd mykje og utgreidd mykje i samband med Gjendeosenprosjektet. Dette ser ut til å kome fram til handsaming i kommunestyret i mai.

Som tidlegare nemnt så vart ikkje endringane innan Helse og Omsorg realisert slik tankane var. Vi kjem til å ta opp tråden igjen og arbeide for å få til ei strukturendring innan fagområdet. Vi kjem også til å prøve å gjere om noko på utbyggingsplanane og set Vågåheimen i fokus. I tillegg må vi arbeide vidare med ei strukturendring innan PU. Dette vil krevje eit godt samspel mellom administrativt og politisk nivå. Vidare må vi og sjå til å få skilt PU og avlastningsplassar for psykiatri i kommunen.

Kommunereformarbeidet krev naturleg nok ein del ressursar. Prosjektgruppa jobber vidare utfrå kommunestyrevedtaket som er gjort med tanke på ei felles utgreiing med Sel kommune. Dei første utgreiingene vil bli ferdig innan sumaren.


Elles er det gledeleg å sjå at Vågå kommune blir særskilt nemnt i Nærings-NM. Vi toppar på eit område som viser at våre lokale bedrifter går godt. Det er viktig å ta med seg dette i ei tid der småkommuner blir hardt pressa på både etablerte arbeidsplassar og nyetableringer.

Rådmannen vil rette ein stor takk til det politiske miljøet, både posisjon og opposisjon, for godt samarbeid i mitt første år i Vågå. Det å finne gode felles løysingar i god dialog styrker heile Vågå-samfunnet.

Til slutt vil eg rette ein stor takk til økonomisjef og faganvarleg rekneskap, som etter eiga uttale ikkje hadde så stor erfaring med å løse eit årsrekneskap i hamn. Resultatet er fagleg godt og prosessen gjekk smertefritt og ikkje minst med god framdrift.


Vågå 10.04.2015

Ådne Bakke, rådmann



Frå Sjodalen.

Organisasjonskart



6



Frå kulturskulen sin Prøysen-cabaret «Vise for gærne jenter».



Seterstemning i Sjodalen.

OM VÅGÅ KOMMUNE

Politisk styring

Omfattar det sentrale politiske apparatet med formannskap, hovudutval m.fl. og kommunestyre. Det er høg politisk aktivitet i kommunen, noko Kostra-tala også indikerer.

Målet er at kommunen har kvalifisert personell i alle ledd i organisasjonen. Arbeid med kompetanseplan har ikkje vore prioritert, men for å sikre ein kompetent medarbeidargruppe i framtida må dette arbeidet bli prioritert høgare.

Administrasjon og leiing

Vågå kommune er den største arbeidsgjevaren i kommunen som leverer eit vidt spekter av tenester til kommunens innbyggjarar. Gode styringssystem er difor naudsynt for å ha god kontroll på at tenestene har den kvaliteten vi ønskjer.

I løpet av hausten vart det under leiing av rådmannen arbeidd med ny administrativ organisering. I prosjektgruppa sat for utan rådmannen, sektorsjefane, 3 tenesteleiarar, 2 tillitsvalde, hovudverneombod og ein representant frå økonomi og personal. Ny administrativ organisering får oppstart 1. april 2015.

Likestilling/Likeløn

Vågå kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass. Av 392 tilsette er det 320 kvinnene. Det vil i åra som kjem vere ei utfordring å få fleire menn inn i skule, barnehage og dei utøvande omsorgsyrkene. Det blir gjort forsøk med å ta gutar inn i barnehagane gjennom aktivitetsveke og sommarbeid. Det blir også rekryert mannlege ferievikarar innan helse og omsorg. Kommunen har eit ønske om å få inn menn i fleire omsorgsyrke enn i dag.

I toppleiargruppe er det 4 menn ved utgangen av 2014. På mellomleiarnivå er det 8 kvinner og 6 menn.

Løn for tilsette i kap. 4 blir fastsett i samsvar med gjeldande tariffavtalar som kombinasjon av sentrale og lokale oppgjer. Dette gjer at både kvinner og menn i stor grad får lik løn for likt arbeid sjølv om lokale lønsforhandlingar og honorering for kompetanseheving fører til noko ulik løn.

Medarbeidarar

Kommunane møter stadig auka krav om kvalitet, service og effektivitet. Dei tilsette er den viktigaste ressursen for å kunne tilby gode tenester til kommunen sine innbyggjarar.

2013		Kvinner	Menn
I alt	392	315	77
Fellestenester	16	11	5
Oppvekst og kultur	128	99	29
Skule/barnehage	109	90	19
Oppvekst/kultur øvrige	19	9*)	10
Helse og omsorg	199	186	13
Utvørende omsorgsyrke	168	160	8
Helse/sosial øvrige	32	27*)	5
Landbruk	8	1	7
Teknisk	43	20	23

*) 2 kvinner har delt stilling oppvekst/kultur og Helse/omsorg

2014		Kvinner	Menn
I alt	392	320	72
Fellestenester	21	14	21
Oppvekst og kultur	135	105	30
Skule/barnehage	118	99	19
Oppvekst/kultur øvrige	17	6	11
Helse og omsorg	189	181	8
Utvørende omsorgsyrke	159	154	5
Helse/sosial øvrige	30	27	3
Landbruk	8	1	7
Teknisk	46	23	23

*) 7 tilsette har delt stilling mellom ulike område

Utvikling i talet på tilsette frå 2012-2014	2012	2013	2014	Endring	Endring i %
Tilsette (faste, vikariat, lærlingar), 31.12	407	392	392	0	0
Endring i årsverk, pr 31.12	315,8	305,72	307,65	1,93	0,63
Gjennomsnittleg stillingsstorleik	77,6	77,9	78,8	0,9	0,11
Administrative stillingar – tilsette *)	25	24	27	3	12,5
Administrative stillingar – årsverk	19	17,1	16,57	-0,53	-3,1

Tabellen viser stillingar løna heilt/delvis på kostrafunksjon 120 administrasjon. Endring frå 2013 til 2014 har bakgrunn i endra fordeling av lønsutgifter samt at Vågå kommunen har overteke arbeidsgjevaransvaret for arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdalen.

Gjennomsnittsløn for mellomleiarane ved utgangen av 2014 var for kvinner kr. 568' og menn kr. 570', men nivået varierer frå 613' til 510'. Mellomleiarane sine ansvarsområde er ulike både i kompleksitet og tal på tilsette. Det er difor naturleg med ein forskjell. Kommunen har fokus på at det skal vere samanheng mellom løn, ansvar og jobbutføring.

Heiltidskultur

Kommunen arbeider med heiltidskultur gjennom blant anna deltaking i «Saman om ein betre kommune». Tal for 2014 viser ein auke i den gjennomsnittlege stillingsprosent frå 77,6% til 78,8%. Kommunen har ei målsetjing om at den gjennomsnittlege stillingsprosenten i helse og omsorgstenestene pr. 01.01.18 skal vere på 80%. Det er pr. 31.12.14 227 personar i deltidsstillingar, og av dette er 189 fast tilsette.

Aldersfordeling i Vågå kommune

Om lag 49% er i aldersgruppa 50+. Dette er noko av den same tendensen ein ser i andre kommunar. Rekruttering av personell til kommunen generelt vil bli ei utfordring i åra som kjem og da spesielt innan skule- og omsorgssyrkene.

<20 år	2	Sektorvis	55+	av dette 60+
20-29	17	Sektor 1	9	6
30-39	70	Sektor 2	43	26
40-49	111	Sektor 3	66	29
50-59	120	Sektor 4	5	2
60-64/60+	57	Sektor 5	17	10
65+	15		140	73

	2013			2014		
	Kvinner	Menn	Diff. i menns favør	Kvinner	Menn	Diff. i menns favør
Samla i organisasjon	396	437	10,3%	412	468	13,5%
Kap 3 og 5						
Adm.leiagr. inkl tenesteleiар	581	597	2,7%	568	635	11,8%
Kap. 5.2.+ass.rektor	457	491	7,4%	480	506	5,4%
Kap. 4.						
Ufaglærte	339	350	3,2%	350	363	3,7%
Faglærte	364	371	1,9%	376	397	5,5%
Høgskule	408	408	0%	422	428	1,4%
Høgskule m/tillegg	451	0		472	0	0
Lærar	424	363	-20,1%	442	382	-13,5%
Adjunkt	453	431	0,2%	470	452	-3,8%
Adjunkt m/tillegg	483	465	-6,6%	514	489	-4,9%
Lektor	482	0		508	497	-2,2%

Seniorane

Det vart i mars 2014 arrangert dag for tilsette i aldersgruppa 60+, med informasjon frå KLP og høve til individuell samtal med rettleiar frå KLP mtp å få oversikt over pensjonsrettane. For øvrig skal medarbeidarsamtalen nyttast som samtalarena til å avklare ønske og behov for den tilsette som senior. Kommunen har valt AFP-ordninga med 100% sjølvrisiko, noko som betyr at kostnaden med alle AFP-uttak mellom 62- 64 år i sin heilskap blir belasta kommunen. Ved inngangen til 2015 har kommunen 8 tilsette/tidlegare tilsette som tek ut delvis eller heil AFP.

Lærlingar

Kommunen gjev tilbod om lærlingplassar og har ved utgangen av 2014 åtte lærlingar i ulike fagområde. Lærlingane er fordelte slik:

Barne/ungdomsarbeidarfaget:

1 stk plassert ved skule/barnehage

Helsearbeidarfaget:

3 stk plassert innan helse og omsorg

Kokk

1 stk plassert ved kjøken Vågåheimen

IKT:

2 stk plassert på ungdomsskulen


Kontorfaget:

1 stk plassert i servicetorget

Sjukefråvær/nærværsarbeid

Vågå kommune arbeider aktivt for å halde sjukefråværet på eit lågt nivå gjennom å vere ei «langtidsfrisk» kommune som har fokus på helse og nærvær framfor sjukdom og sjukefråvær. Det vart i desember, ved bruk av midlar frå prosjektet «Saman om ein betre kommune», arrangert personalseminar med Frode Kyvåg der tema var samarbeid, engasjement og involvering. Etterpå var det sosialt samvær på Klones. Det er innarbeidd gode rutinar for oppfølging av sjukemeldte arbeidstakarar. Trass i det ser vi i 2014 at lege- og eigenmeld sjukefråvær har auka til 7,2% frå 5,7% i 2013 (6,9% i 2012). Eigenmeld fråvær utgjer mellom 0,7%-1,1% av det totale fråværet. Vi vil framleis arbeide for å nå målsettinga om eit totalt sjukefråvær på 5,8%.

Samanlikna med tidlegare år (2007-2014) - eigen og legemeld sjukefråvær:



Sektoren med størst fråvær i 2014 er helse og omsorg med 9,0% mot 5,6% i 2013. Tekniske tenester som låg høgast i fjor med 8,7%, er nå nede på 7,4%. Det er ein markert forskjell mellom fråvær hjå menn og kvinner. Menn ligg på om lag 2-4% og kvinner på om lag 6-8% i Vågå kommune.

Rekna om i antal årsverk, utgjer fråværet 21 årsverk (17 i 2013) og forsiktig utrekna i kroner blir totalkostnaden tilnærma kr 2.500.000 (kr 2.000.000 i 2013).

Ifølgje NAV-statistikk er totalt fråvær i Norge = 5,4%, kommunal forvaltning = 7,3% og privat sektor = 4,9%. Totalt fråvær i Oppland = 5,9%. Diagnosen muskel- og skjelett utgjer 38,6% og psykiske lidinger utgjer 20,0% av totale diagnosar.

Etiske retningslinjer

Etikk i offentleg sektor har tradisjonelt handla om lov- og regeltolking og etterkontroll. Men det er langt fleire etiske dilemma i kommunal verksemد enn lov og avtaleverk, som t.d. bruk av ressursar, kvalitet på tenestene, arbeidsmiljø, haldningar og omdømmebrygging. Dette er utfordringar som offentleg verksemđ heile tida må arbeide med.

Medarbeidarar og folkevalde må vere bevisste på handtering av etiske dilemma som skal samsvare med kommunen sine mål og verdiar.

For å ivareta etiske standardar på alle nivå i organisasjonen, vedtok kommunestyret 21.10.2008 etiske retningslinjer for Vågå kommune. Retningslinene er meint å vere eit hjelpe-middel for tilsette og folkevalde på etiske problemstillingar som vi kan stå overfor i vår forvaltning. Retningslinene har som mål å vere ei rettesnor for etisk framferd, og samtidig skape refleksjon hos den enkelte.



Internkontroll

Vågå kommune har gjennomført leiaropplæring innan kvalitetsarbeid og internkontroll hausten 2014. Målet har vore å få på plass manglande dokumentasjon av rutinar og prosedyrar samt bevistgjering av at vi må melde frå om uønskte hendingar. Dette vil på sikt resultere i kvalitetsforbetring på tenesteytinga. I 2014 var det meldt inn og lukka 139 avvik. Med unnatak av 10 avvik så var alle meldt inn frå helse og omsorg. Systemet vi nyttar er kvalitets- og avvikssystemet Kvalitetslosen. Vi har hatt ein medarbeidar i 40% prosjektstilling i 2014 for å få nødvendig framdrift i arbeidet innan helse og omsorg. Arbeidet med internkontroll og bruken av Kvalitetslosen må vidareutviklast.

Tillitsvalde

Partane i kommunal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og dei tilsette og deira organisasjonar er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meiningsfylt arbeid. Det er ein god og ope dialog mellom arbeidsgjevar og dei tillitsvalde (HTV-gruppa). Kvar månad møtast leiinga og HTV-gruppa til uformelle møte. HTV-gruppa blir rådført og inkludert i alle prosessar og avgjerder som har betyding for dei tilsette. Hovudverneombodet er frikjøpt 20%, og ombodet arbeidar i dialog med personalavdeling og dei øvrige verneomboda med blant anna oppdatering og forbetre HMS-systemet i kommunen.



Vågåmo sentrum.

ØKONOMISKE HOVUDTAL

Vågå kommune fører rekneskapen etter anordningsprinsippet som gjeld i kommunal sektor. Det betyr at all tilgang og bruk av middel i løpet av året i kommunen si verksamhet skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og rekneskapsresultatet for året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån osb og dessutan korleis desse er finansiert.

Hovudtal frå driftsrekneskapen ser slik ut (tal i heile tusen):

Hovudtal frå driftsrekneskapen:	Rekneskap 2014	Rev. Budsjett 2014	Rekneskap 2013
Sum driftsinntekter	311 905	292 393	318 398
Sum driftsutgifter	316 254	297 918	316 585
Brutto driftsresultat	-4 349	-5 525	1 813
Netto finansinntekter/utg.	-10 510	-13 318	-11 517
Netto driftsresultat	3 769	-214	7 184
Rekneskapsmessig meir-/ mindreforbruk	4 111	0	3 491

I rekneskapsoppstillinga for kommunesektoren blir det nytta fleire resultatomgrep. Brutto driftsresultat gjev uttrykk for resultatet av den ordinære drifta inklusive kapitalkostnader (avskrivningar), men eksklusive finansutgifter og finansinntekter. Avskrivningar, som er eit uttrykk for verdiredusjon på kommunale anleggsmidlar, skal førast i driftsrekneskapen, men blir teken ut før netto driftsresultat blir fastsett. Brutto driftsresultat skal som hovedregel minst kunne finansiere utgifter til renter og avdrag.

Netto driftsresultat viser resultat etter finanspostar. Netto driftsresultat seier oss kva kommunen har igjen etter at alle driftsutgiftene er betalte.

Vågå kommune sin rekneskap for 2014 viser eit positivt netto driftsresultat på kr 3,77 mill. Det utgjer 1,2 % av sum driftsinntekter, noko som ligg litt under tilråding om at netto driftsresultat over tid bør utgjere 3 % av driftsinntektene. Brutto driftsresultat viser eit resultat på ca. kr -4,3 mill.

Årsrekneskapen for 2014 viser eit rekneskapsmessig resultat i forhold til budsjett på kr 4.111.783.


Samla driftsinntekter (rammetilskot, skatt, brukarbetalingar, refusjonar osb) var på kr 311,9 mill i 2014. Dette er ein reduksjon på kr 6,5 mill frå 2013. Netto rammetilskot utgjer kr 136,6 mill etter inntektsutjamninga, ein reduksjon på kr 1,1 mill frå 2013. Skatteinngangen var kr 67,1 mill inkl.

naturressursskatt (som utgjer kr 3,3 mill), dvs. ein auke med kr 0,6 mill frå 2013. Eigedomsskatten har ein auke på kr 3,1 mill. i 2014, og skuldast i hovudsak at eigedoms-skatten vart utvida til å gjelde heile kommunen.

Brukarbetalingar, andre sals- og leigeinntekter og overføringer med krav til motyting utgjer 80,8 mill kroner. Dette er ein reduksjon på kr 10,8 mill i forhold til 2013.

Totale driftsutgifter (Løn, kjøp av varer og tenester, tilskot, overføringer og avskrivningar) utgjer kr 316,2 mill, ein reduksjon på kr 0,4 mill frå 2013.

Fordeling av netto driftsutgifter, totalt 211 mill kroner fordelt på sektorane:




Det er ingen forandringar i sektorfordelinga sidan 2013.

Kjøp av varer og tenester som inngår i og som erstattar tenesteproduksjonen er redusert med kr 3 mill til kr 77,2 mill. Løn og sosiale utgifter auka med kr 1,7 mill til totalt kr 201,3 mill. Total lønsvekst i Vågå kommune utgjer 0,8 % frå 2013 til 2014.

Løn- og sosiale utgifter er den største utgiftsposten i kommunerekneskapen og utgjer netto (fråtrekt refusjon sjukeløn/fødselspengar) kr 193,3 mill eller nær 61 % av




dei totale driftsutgiftene. Inntekter av skatt og rammetilskot er dei største inntektspostane, og grafene viser utviklinga i desse utgifts-/inntektstypane.



Til og med år 2010 låg lønsutgiftane på eit høgare nivå enn inntektene av skatt og rammetilskot. Dette biletet vart snudd frå 2011. I 2014 er inntektene av skatt og rammetilskot kr 10,3 mill høgare enn netto lønsutgifter. Hovudårsaken til endringa er at stadig fleire øyremerkte statstilskot blir innlemma i rammetilskotet. (T.d. barnehagetilskot og samhandlingsreforma).

Investeringar

Kommunen har i 2014 gjennomført investeringar på totalt ca kr 36,8 mill. Investeringane er i hovudsak finansiert ved bruk av lån, medan resten blir dekt av salsinntekter, fond og momskompensasjon. Det er bygging av nytt helsecenter som har vore det store investeringssløftet i 2014.



Finanstransaksjonar, gjeld og utlån


Finansinntektene består av renteinntekter, utbytte, eigaruttak og mottekne avdrag på utlån. Desse inntektene utgjer ca kr 11,9 mill i 2014. Finansinntektene er redusert med kr 1,5 mill frå 2013 til 2014 og skuldast lågare rentenivå.

Finansutgiftene består av renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter – i tillegg kjem avdragsutgifter på kommunen sine lån. Finansutgiftene utgjer kr 22,4 mill i 2014. Dette er ein reduksjon på kr 2,5 mill frå 2013 og skuldast lågare rentenivå, samt forlenga avdragstid på lån.

Langsiktig gjeld er redusert med kr 0,9 mill og utgjer no ca kr 342 mill. I tillegg kjem pensjonsforpliktingar på kr 422,7 mill som er bokført som langssiktig gjeld. Ubrukte lånemiddel utgjorde kr 5,8 mill ved utgangen av 2014.


Kommunen tek opp lån frå Husbanken og lånar ut vidare såkalla startlån til kommunen sine innbyggjarar. Av total lånegjeld utgjer låneopptak til slike formål kr 31,3 mill ved utgangen av 2014.

Netto lånegjeld er definert som langssiktig gjeld (eksl. pensjonsforpliktingar) fråtrekt totale utlån og ubrukte lånemiddlar. Tabellen under illustrerer utviklinga i netto lånegjeld pr innbyggjar dei siste åra. Fram til 2010 var det ein sterk vekst, før utviklinga stabiliserte seg noko i 3 år. I 2014 har lånegjelda vokse med ca kr 600 pr innbyggjar. I den samla lånegjelda er det også lån med spesialordningar, som rentefrie lån og lån innanfor sjølvkostområdet.



Fond

Fram tom. 2010 har total fondsbeholdning vore stabil på rundt kr 55 mill. Ved utgangen av 2014 utgjer totale fond kr 56,8 mill. Disposisjonsfondet har auka med kr 2,8 mill i 2014, og utgjer no kr 18,5 mill. Sum disposisjonsfond utgjer ved utgangen av 2014 ca 5,9 % av sum driftsinntekter.





Det er tilrådd frå fylkesmannen at disposisjonsfond bør utgjere 8 % av sum driftsinntekter for å ha tilstrekkeleg buffer til å møte uføresette hendingar. I økonomiplanen for 2015-2018 er det lagt opp til å kunne nå dette måltalet.

Arbeidskapital og likviditet

Endringa i arbeidskapitalen skal seie om kommunen si betalingsevne har forbetra eller forverra seg i løpet av året. Det krev likevel ei nærmare analyse av innhaldet i arbeidskapitalen for å kunne seie om den reelle betalingsevna har auka eller minka.

Likviditetsanalyse

Arbeidskapitalen har i 2014 vorte redusert med ca kr 14,4 mill. Arbeidskapitalen som er fri til drifta har vorte

styrka med ca kr 3,4 mill i 2014, og viser eit positivt beløp med kr 22,4 mill.

I arbeidskapitalens driftsdel inngår ca kr 19,8 mill i premieavvik pensjonar. Dette er ei fordring som ikkje kan gjerast om til likvide midlar, men som skal førast tilbake over fleire år. Tek ein omsyn til desse, er arbeidskapitalens driftsdel positiv med ca kr 2,6 mill. Premieavviket er auka med ca kr 4,6 mill i 2014.

Det er viktig at ein ikkje lenger kan la premieavviket gå inn i drifta, men at dette i sin heilskap må bli sett av til disposisjonsfond for at kommunen kan oppretthalde sin betalingsevne av løpende forpliktingar. I økonomiplanen for 2015-2018 er det lagt opp til at premieavvik blir avsett til fond.

	2014	2013	Endring
Omløpsmidlar	114 398	127 179	-12 781
Kortsiktig gjeld	-47 832	-46 176	-1 656
Arbeidskapital	66 566	81 003	-14 437
Ubrukte lånemidlar	-5 824	-13 912	8 088
Bundne fond	-15 583	-15 634	51
Ubundne investeringsfond	-22 745	-32 340	9 595
Udisponert resultat investering	0	-85	85
Arbeidskapitalens driftsdel	22 414	19 032	3 382
<hr/>			
Korreksjonar:			
Premieavvik (ligg inne i OM)	-19 842	-15 229	-4 613
Arbeidskap. driftsdel korrigert	2 572	3 803	-1 231



Baking var ein av aktivitetane under «Aktiv sommarferie 2014».



Lysthuset i prestegårdshagen i Ullinsvin.

Avviksanalyse

Hovudtal pr. sektor	Rekneskap 2014	Budsj(endr) 2014	Avvik i kr
1 Fellestenester	17 320 805,75	17 750 000,00	-429 194,25
2 Oppvekst og kultur	65 570 986,88	67 945 000,00	-2 374 013,12
3 Helse og omsorg	101 815 831,51	103 593 000,00	-1 777 168,49
4 Landbruk	1 990 633,75	2 190 000,00	-199 366,25
5 Teknisk	24 186 431,06	23 769 000,00	417 431,06
6 Frie inntekter	-221 453 182,94	-224 234 000,00	2 780 817,06
7 Finans og gjeldsavdrag	6 326 710,95	8 857 000,00	-2 530 289,05
9 Interne transaksjonar	4 241 783,04	130 000,00	4 111 783,04
T O T A L T	-	-	-

(Minus betyr mindreforbruk)

Kommentar til avvik:

Generelt for alle sektorane er at ein stor andel av premieavviket er teke inn i drift, og i stor grad fører til det positive resultatet. Dette var opprinnelig budsjettet til å bli avsett til fond, men etter attendemeldingar på tertialrapport vart det vedteke å redusere avsetninga.

1. Fellestenester viser eit mindreforbruk på 429', i hovudsak på grunn av vakanse på sektorssjefstillinga.
2. Sektor for oppvekst og kultur har eit samla mindreforbruk på 2.374'. Hovudårsaka til dette er meirinntekter på flyktninggeområdet. Skule og barnehagetenestene endar som budsjettet.
3. Helse og omsorgssektoren viser eit mindreforbruk på 1.777'. Sektoren viser innsparing på ca 2.500' på administrativ leiing (ein del av dette er vakanse på sektorssjefstillinga), og nesten 900' på heimetenestene.
- Vågåheimen endar i budsjett, medan tenester for funksjonshemma viser eit meirforbruk på 516', teneste for lege/fysioterapeut/psykisk helse eit meirforbruk på 854' og tildeling/samhandling eit meirforbruk på 331'.
- Interkommunale samarbeid er med i desse tala, barnevern viser eit mindreforbruk på 150', legevakt/legevaktvarsling eit mindre forbruk på 70 og intermediære/øyeblikklig hjelpe senger eit meirforbruk på heile 1.000'.
- Medfinansiering til somatiske tenester i spesialisthelsestenestene vart om lag kr 500' billigare enn budsjettet.
4. Landbruk har eit mindreforbruk på 199', som i hovudsak skuldast innsparing av lønnsmidlar på landbrukskontoret.
5. Teknisk sektor har eit samla meirforbruk på 417', som i hovudsak skuldast ekstrautgifter ved at flytting av dagsenteret vart forsinka. Veg.
6. Fri inntekter er 2.780' lågare enn budsjettet. Dette skuldast mindre inntekter frå sal av konsesjonskraft grunna låg strømpris, og mindre overføringer frå staten på ressurskrevjande brukarar.

7. Finans og gjeldsavdrag viser ei samla mindreutgift på kr 2.530'. Dette er hovudsakelig forårsaka av lågt rentenivå på lån og gode rentevilkår på innskot.
8. Interne disponeringar viser årets rekneskapsmessige overskot på kr 4.111'.

Konklusjon økonomi 2014

2014 har vore eit godt økonomisk driftsår for Vågå kommune. Eit positivt rekneskapsresultat gjev moglegheit for styrking av kommunen sine fondsreservar, noko som gjer kommunen meir robust for å kunne møte uføresette hendingar i framtida. Det er positivt at kommunen i 2014 har styrka disposisjonsfond og fått styrka driftslikviditeten.

Det er viktig at kommunen i åra framover sett av premieavviket på fond, og ikkje tek inntektene inn i drifta. Premieavvik pensjon utgjer pr 31.12.2014 kr 21,7 mill. Dette er ei auke på kr 6,4 mill frå 2013. Premieavviket utgjer forskjellen mellom betalt pensjonspremie og kostnadsført pensjonskostnad. Kommunen bør ha disposisjonsfond som samla minst overstig netto premieavvik. Disposisjonsfond utgjer pr 31.12.2014 kr 18,5 mill.

Netto lånegjeld veks ytterlegare i 2014, men i vesentlege mindre grad enn dei siste åra. Dette gjer at ein større del av dei totale rammene i framtida vil gå til å nedbetale lån. Økonomiplanen legg imidlertid opp til ein gradvis reduksjon av lånegjelda i åra framover, noko som på sikt vil bidra til ein reduksjon i den langsiktige lånegjelda.

Resultatet i 2014 sett i samanheng med dei vedtekne tiltaka nedfelt i økonomiplanen for 2015-2018 gjer at det er grunnlag for optimisme med tanke på den økonomiske framtida for kommunen.



Sundus arrangerte julekveld på Frivilligsentralen og fekk ros av ordføraren.



17. mai-toget i Vågå var ekstra langt i samband med grunnlovsjubileet.

Økonomisk oversikt – drift

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	12 647 965,26	12 155 000,00	12 152 000,00	12 727 258,94
Andre salgs- og leieinntekter	36 319 540,30	38 319 000,00	38 194 000,00	38 278 514,80
Overføringer med krav til motytelse	31 811 102,33	15 496 000,00	18 158 000,00	40 566 954,98
Rammetilskudd	137 386 798,00	139 190 000,00	140 423 000,00	137 739 059,00
Andre statlige overføringer	12 002 104,20	7 309 000,00	7 309 000,00	10 366 869,80
Andre overføringer	896 705,76	480 000,00	480 000,00	1 515 860,49
Skatt på inntekt og formue	63 791 578,48	65 744 000,00	66 444 000,00	63 226 911,07
Eiendomsskatt	12 976 542,75	13 000 000,00	13 000 000,00	9 951 406,20
Andre direkte og indirekte skatter	4 073 013,00	700 000,00	700 000,00	4 025 429,00
Sum driftsinntekter	311 905 350,08	292 393 000,00	296 860 000,00	318 398 264,28
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	167 710 931,49	161 341 000,00	158 872 000,00	167 470 912,09
Sosiale utgifter	33 596 287,83	36 085 000,00	32 659 000,00	32 177 926,24
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	43 871 144,97	40 214 000,00	37 504 000,00	50 063 565,70
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	33 306 661,29	29 545 000,00	29 279 000,00	30 160 657,68
Overføringer	23 050 069,68	15 378 000,00	15 278 000,00	23 423 298,80
Avskrivninger	18 628 939,00	18 629 000,00	18 487 000,00	16 887 688,96
Fordelte utgifter	-3 909 587,80	-3 274 000,00	-1 644 000,00	-3 599 226,59
Sum driftsutgifter	316 254 446,46	297 918 000,00	290 435 000,00	316 584 822,88
Brutto driftsresultat	-4 349 096,38	-5 525 000,00	6 425 000,00	1 813 441,40
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	11 807 918,47	10 643 000,00	11 408 000,00	13 214 485,45
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	92 336,24	-	-	209 541,04
Sum eksterne finansinntekter	11 900 254,71	10 643 000,00	11 408 000,00	13 424 026,49
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	8 406 811,84	9 375 000,00	10 858 000,00	8 853 555,18
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	13 938 497,00	14 586 000,00	15 036 000,00	16 008 514,00
Utlån	65 100,00	-	-	79 080,00
Sum eksterne finansutgifter	22 410 408,84	23 961 000,00	25 894 000,00	24 941 149,18
Resultat eksterne finantransaksjoner	-10 510 154,13	-13 318 000,00	-14 486 000,00	-11 517 122,69
Motpost avskrivninger	18 628 939,00	18 629 000,00	18 487 000,00	16 887 688,96
Netto driftsresultat	3 769 688,49	-214 000,00	10 426 000,00	7 184 007,67
Interne finantransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	3 491 284,49	3 491 000,00	-	-
Bruk av disposisjonsfond	1 886 534,50	2 019 000,00	1 479 000,00	1 595 904,03
Bruk av bundne fond	4 132 503,05	2 328 000,00	2 328 000,00	7 732 858,73
Sum bruk av avsetninger	9 510 322,04	7 838 000,00	3 807 000,00	9 328 762,76
Overført til investeringsregnskapet	670 000,00	670 000,00	4 670 000,00	7 500 643,84
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	4 647 176,49	4 427 000,00	7 601 000,00	2 491 000,00
Avsatt til bundne fond	3 851 051,00	2 527 000,00	1 962 000,00	3 029 842,10
Sum avsetninger	9 168 227,49	7 624 000,00	14 233 000,00	13 021 485,94
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	4 111 783,04	-	-	3 491 284,49

Økonomisk oversikt – investering

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	2 321 988,57	2 592 000,00	-	370 495,00
Andre salgsinntekter	-	-	-	-
Overføringer med krav til mottelse	3 035 876,85	2 720 000,00	-	439 681,76
Kompensasjon for merverdiavgift	5 725 576,05	-	-	-
Statlige overføringer	200 000,00	980 000,00	2 000 000,00	-
Andre overføringer	-	-	-	-
Renteinntekter og utbytte	-	-	-	-
Sum inntekter	11 283 441,47	6 292 000,00	2 000 000,00	810 176,76
Utgifter				
Lønnsutgifter	513 388,24	-	-	590 601,26
Sosiale utgifter	137 329,61	-	-	138 371,96
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	29 655 396,40	36 108 000,00	23 120 000,00	44 206 187,08
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	434 926,40	-	-	277 891,20
Overføringer	5 725 576,05	-	4 000 000,00	6 937 643,84
Renteutgifter og omkostninger	342 958,00	-	-	454 598,12
Fordelte utgifter	-	-	-	-
Sum utgifter	36 809 574,70	36 108 000,00	27 120 000,00	52 605 293,46
Finanstransaksjoner				
Avdrag på lån	1 159 862,00	900 000,00	900 000,00	896 578,00
Utlån	6 511 836,39	3 000 000,00	3 000 000,00	4 293 224,49
Kjøp av aksjer og andeler	752 679,00	754 000,00	670 000,00	843 424,00
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond	1 431 332,24	2 320 000,00	-	6 730 541,73
Avsatt til bundne investeringsfond	230 639,37	-	-	586 963,88
Sum finansieringstransaksjoner	10 086 349,00	6 974 000,00	4 570 000,00	13 350 732,10
Finansieringsbehov	35 612 482,23	36 790 000,00	29 690 000,00	65 145 848,80
Dekket slik:				
Bruk av lån	22 341 836,39	23 830 000,00	19 120 000,00	45 316 530,12
Salg av aksjer og andeler	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	1 489 088,86	900 000,00	900 000,00	1 915 879,86
Overført fra driftsbudsjettet	670 000,00	670 000,00	4 670 000,00	7 500 643,84
Bruk av tidligere års undisponert	85 428,98	85 000,00	-	6 730 541,73
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	154 754,89
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	11 026 128,00	11 305 000,00	5 000 000,00	3 567 761,60
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	45 165,74
Sum finansiering	35 612 482,23	36 790 000,00	29 690 000,00	65 231 277,78
Udekket/undisponert	-	-	-	85 428,98



Økonomisk oversikt – balanse



20

	Regnskap 2014	Regnskap 2013
EIENDELER		
Anleggsmidler	910 524 549,87	863 786 854,13
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	482 586 285,72	463 270 186,13
Uttstyr, maskiner og transportmidler	19 285 689,01	20 460 858,90
Utlån	63 260 354,14	58 807 861,10
Konserninterne langsiktige fordringer	-	-
Aksjer og andeler	12 518 601,00	11 787 050,00
Pensjonsmidler	332 873 620,00	309 460 898,00
Omløpsmidler	114 397 684,99	127 178 502,95
Herav:		
Kortsiktige fordringer	22 774 865,52	22 762 936,09
Konserninterne kortsiktige fordringer	-	-
Premieavvik	22 301 452,74	17 392 164,74
Aksjer og andeler	-	-
Sertifikater	-	-
Obligasjoner	-	-
Derivater	-	-
Kasse, postgiro, bankinnskudd	69 321 366,73	87 023 402,12
SUM EIENDELER	1 024 922 234,86	990 965 357,08
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	212 239 978,97	197 375 540,50
Herav:		
Disposisjonsfond	18 499 457,61	15 738 815,62
Bundne driftsfond	13 653 706,94	13 935 158,99
Ubundne investeringsfond	22 745 298,42	32 340 094,18
Bundne investeringsfond	1 929 350,22	1 698 710,85
Regnskapsmessig mindreforbruk	4 111 783,04	3 491 284,49
Regnskapsmessig merforbruk	-	-
Udisponert i inv.regnskap	-	85 428,98
Udekket i inv.regnskap	-	-
Kapitalkonto	151 499 091,42	130 284 756,07
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift	52 669,32	52 669,32
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest	-251 378,00	-251 378,00
Langsiktig gjeld	764 849 653,00	747 414 129,00
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	422 732 408,00	404 452 525,00
Ihendehaverobligasjonslån	-	-
Sertifikatlån	-	-
Andre lån	342 117 245,00	342 961 604,00
Konsernintern langsiktig gjeld	-	-
Kortsiktig gjeld	47 832 602,89	46 175 687,58
Herav:		
Kassekreditlån	-	-
Annен kortsiktig gjeld	45 373 362,89	44 012 228,58
Derivater	-	-
Konsernintern kortsiktig gjeld	-	-
Premieavvik	2 459 240,00	2 163 459,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	1 024 922 234,86	990 965 357,08
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	6 126 072,17	13 912 030,94
Herav:		
Ubrukte lånemidler	6 126 072,17	13 912 030,94
Ubrukte konserninterne lånemidler	-	-
Andre memoriakonti	-	-
Motkonto for memoriakontiene	-6 126 072,17	-13 912 030,94



Prestegårdshagen i Ullinsvin med Munch-bysta i forgrunnen.



Juryleiar Arne Brimi overvakar innsatsen under Kokkekamp 2014.

SEKTOR I – FELLESTENESTER

Servicetorget/Arkiv

Servicetorget har ansvar for sentralbord- og resepsjonsteneste for alle sektorane, politisk sekretariat, possteneste og sentralarkiv, skanning og vidarebehandling av inngåande fakturaer, elevskyss i grunnskulen, bustønad og startlån, formidling av landbruksvikarane, avlegging av etableringsprøve og kunnskapsprøve om alkohollova m.m.

Riksarkivet gjennomførte tilsyn i oktober 2014. I følgje den endelige rapporten har kommunen fleire utfordringar, blant anna å utarbeide eigen arkivplan, byggje om arkivrom, sikre lagring av elektronisk-produisert materiell. Sjølv om det er lagt ned mykje tid på rydding er det også i tida som kjem, behov for ein innsats på det området.

Kommunen har tida fram til 1. juni 2016 til å lukke avvik som er meldt i rapporten fra Riksarkivet.

Økonomi og personal

Avdelinga yter tenester for dei øvrige delar av kommuneorganisasjonen gjennom rekeskapsoppfølging, systemansvar for Visma Enterprise, personal- og lønsarbeid. Kommunen har tilgang til fleire nye elektroniske løysingar som kan integrerast med Visma Enterprise, men som det står att å få teke i bruk.

22

Det har vore gjort førebuande arbeid med tanke på innføring av e-handel. Det gjenstår ein god del arbeid før e-handel kan nyttast i heile kommunen og det kan sjå ut som at det vil bli mykje arbeid med oppfølging av ordning lokalt om ein ikkje finn gode felles løysingar i norddalskommunane.

IKT

IKT-tenester blir som før stort sett leverte gjennom Regiondata. Dette set oss i stand til å levere IKT-tenester med høg kvalitet. Drifta har vore stabil med lite nedetid eller andre driftsproblem, men vi ser at nedetid fort skaper frustrasjon i organisasjonen. Stabilitet er difor ein suksesfaktor.

I 2014 har mykje arbeidstid gått med i samband med skifte av nettverksleverandør.

Arbeidet med IKT i skulane har gjennom 2014 hatt mest fokus på å få etablert ein god og sikker bruk tilgjengeleg materiell/utstyr.

Informasjon

Informasjonsarbeidet omfattar både ekstern og intern kommunikasjon. Tenesta har m.a. ansvar for utvikling av heimeside, intranett, sosiale medium, trykksaker og anna informasjonsmateriell.

Ottadalen skatteoppkrevjarkontor

Ottadalen skatteoppkrevjarkontor vart etablert 1.9.2012 som eit samarbeid mellom kommunane Vågå, Lom og Skjåk. Frå 1.1.2014 kom og Sel kommune med i dette samarbeidet. Skatteoppkrevjarkontoret har til saman 3,6 stillingar. Det er pr. dato 3 heile stillingar på kontoret etter at ei 60% stilling er gjeve permisjon fram til 1.3.2016 for arbeid ved økonomiavdelinga i Lom kommune.

Kostnadane mellom dei fire kommunane for 2015 er budsjettet etter følgjande kostnadsnøkkel 65% fast og 45% etter folketal.

Frå 1.4.2014 vart og arbeidsgjevarkontrollen for Nord Gudbrandsdalen overført frå Lom kommune til Vågå kommune med til saman 2 stillingar. Skatteoppkrevjaren er tenesteleiar for dei som er tilsett ved arbeidsgjevarkontrollen. I dette samarbeidet er alle 6 kommunane i Nord Gudbrandsdalen med, det er difor eige budsjett for arbeidsgjevarkontrollen med same fordeling mellom kommunane som for skatteoppkrevjar.

Vågå kommune er vertskommune for skatteoppkrevjarkontoret og arbeidsgjevarkontrollen.



FELLESTENESTER



23

SEKTOR 2 – OPPVEKST OG KULTUR


Grunnskole

Skoleporten - Undervisningspersonell						
Enhets: Vågå kommune						
Vågå kommune, Grunnskole, Ressurser, Undervisningspersonell, Alle eierformer, Alle, Begge kjønn						
Indikator og nøkkeltall	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	
Talet på elevar	450	446	424	413	414	
Talet på skolar	5	4	3	3	3	
Talet på lærarar med kontaktilærarfunksjon	31	28	25	27	27	
Talet på lærarar	64	64	56	51	54	
Årsverk for undervisningspersonale	50,4	48,3	43,7	44,7	41,0	
Antall elever per årsverk til undervisning	10,0	10,3	11,2	11,9	11,4	
Antall assistentårsverk i undervisningen	12	8	6	6	8	
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	38,5	53,1	77,4	66,8	51,4	
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	23,2	17,4	12,5	13,8	19,6	
Lærertetthet 1.-7. trinn	10,9	11,5	12,1	12,9	12,8	
Lærertetthet 8.-10. trinn	11,7	11,7	13,0	13,9	13,9	
Lærertetthet i ordinær undervisning	13,5	14,6	14,7	15,4	15,8	
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	94,7	93,5	97,5	100,0	99,1	
Lærertimer som gis til undervisning	31 942	30 676	26 901	24 714	25 683	
Undervisningstimer totalt per elev	71	69	63	60	62	

Spesialundervisning						
	2011-12	2012-13	2013-14	2012-13 Snitt landet	2013-14 Snitt Oppland	
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	5,7	3,1	3,9	8,1	7,6	
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	1,3	2	3,9	5,2	4,2	
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	10,3	6,6	5,9	9,5	9,3	
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	6,1	1,4	2,1	10,5	10,1	
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	14,3	11,9	11,8	17,4	16,2	

Grunnskoleopplæring - kvalitet						
	0515 Vågå	EKG02 Kostgruppe 02	EKA05 Oppland	EAKUO Landet u/Oslo	EAK Landet	
	2014	2014	2014	2014	2014	2014
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	39,4	..	39,7	40,3	40,4	
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring	100	98	99	98,1	98	
Andel av 6 åringer som fortsetter i SFO andre året	120	93	86,7	91,3	91,4	
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	13,2	11,8	12,5	13,6	13,8	

Elevtal						
Skule/år	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	
Vågåmo skule	215	223	235	213	214	
Lalm skule	50	56	58	62	61	
Vågå ungdomsskule	152	147	131	138	140	



Resultat på nasjonale prøver, 5. steg

IKT - Digitale ferdigheter

Vågåmo skule

	Snitt
På skolen lærer eg å vere kritisk til informasjon eg finn på Internett	
Vågåmo skule (Haust 2014)	–
Vågåmo skule - 7. trinn (Haust 2013)	–
Nasjonalt (Haust 2014)	3,8
På skolen lærer eg å tenkje over korleis eg bruker informasjon frå Internett	
Vågåmo skule (Haust 2014)	4,1
Vågåmo skule - 7. trinn (Haust 2013)	4,4
Nasjonalt (Haust 2014)	3,9
På skolen bruker vi digitale verktøy for å lære (digitale verktøy er f.eks. datamaskin, nettbrett og interaktiv tavle)	
Vågåmo skule (Haust 2014)	4,6
Vågåmo skule - 7. trinn (Haust 2013)	4,2
Nasjonalt (Haust 2014)	4,0

Vågå ungdomsskule

	Snitt
På skolen lærer eg å vere kritisk til informasjon eg finn på Internett	
Vågå ungdomsskule - 10. trinn (Haust 2013)	3,4
Vågå ungdomsskule - 10. trinn (Haust 2014)	3,6
Nasjonalt - 10. trinn (Haust 2014)	3,8
På skolen lærer eg å tenkje over korleis eg bruker informasjon frå Internett	
Vågå ungdomsskule - 10. trinn (Haust 2013)	3,5
Vågå ungdomsskule - 10. trinn (Haust 2014)	4,0
Nasjonalt - 10. trinn (Haust 2014)	3,7
På skolen bruker vi digitale verktøy for å lære (digitale verktøy er f.eks. datamaskin, nettbrett og interaktiv tavle)	
Vågå ungdomsskule - 10. trinn (Haust 2013)	4,4
Vågå ungdomsskule - 10. trinn (Haust 2014)	4,7
Nasjonalt - 10. trinn (Haust 2014)	3,8

Vågåmo skule

Personale

Vågåmo skule har god dekning av lærarar med godkjent utdanning. Vi har god dekning av lærarar med realfag- og kroppsøvingskompetanse, medan vi dei neste åra har stort behov for å rekruttere norsk- og engelsklærarar. 47 % av personalet kjem nå inn under kategorien seniorar (55+). Åtte tilsette tok ut ekstra ferieveke i 2014. Totalt seksten tilsette er 55+, og da med redusert undervisning. Dette utgjer om lag eit årsverk for Vågåmo skule.

Medarbeidarundersøkinga

Den siste gjennomførte medarbeidarundersøkinga viser ein score på 4,4 (av 6) på heilheitsvurdering av arbeids-situasjonen.

Rammetimetalssbruks

Med klassar på mellom 29 og 37 elevar, så er det viktig å ha tilstrekkeleg med timer til å dele i mindre grupper etter behov. Dette skaper større fleksibilitet i organisering av undervisning, og gjer også at vi ikkje er så sårbar i periodar med stort fråvære i personalet.

Ved innføring av full skuleveke for elevane frå 3. - 7. steg frå hausten 2014, blir det ein meirkostnad på lønn i og med at fleire timer skal bemannast med pedagogar. Dette vil få full kostnadseffekt i 2015, men vi såg allereie ei markant auke frå august til desember.

Vi brukar ekstra ressursar på to språk- og leserettleiarar, ein reknepedagog, IKT-ressurs og prosjektleiar Mattelyst. Vi har om lag eit årsverk i reduksjon av undervisning knytt til våre seniorar. Vi prioritærer også å behalde bibliotekressurs. Om lag 11% av tildelte lærartimer går til spesialundervisning. I tillegg har desse elevane assistentressurs både på skule og delvis i SFO. Alt dette tek vi av eigen ramme, sjølv om ekstra bemanning rundt enkeltelevar i SFO-delen kanskje burde vere delvis finansiert av helse- og sosialsektoren. Det er viktig å få til ei god ressursfordeling med tanke på bruk av delingstimar, timer til spesialundervisning, samt

personalressursar ut frå tildelt ramme. Vi ser etter kvart at vi nå har elevar med store behov også utanom skuletid (SFO), noko som vil bli ressurskrevjande for oss med tanke på bemanning og tilbodet vi klarar å gje.

Elevundersøkinga

Vi registrerer gledeleg låge tal når det gjeld mobbing. På spørsmålet *Har du vorte mobba på skulen dei siste månaden* er snittet vårt på 4,9, der 5 er maks. På dei fire spørsmåla *Har du vorte mobba av elevar i klassen, andre elevar på skulen, ein eller fleire lærarar, andre voksne på skulen* er gjennomsnittet for alle fire spørsmåla 4,9 av totalt 5.

Målbare resultat

Dei nye nasjonale prøvene operer med eit snitt på 50 uansett prøve. Dette gjer at vi nå betre kan samanlikne og sjå utvikling over tid. Vi har jamt over gode resultat på dei nasjonale prøvene over tid, og registrerer ei god utvikling i engelskfaget. Dette er resultat av god og systematisk innsats. Vi hadde i år ingen elevar på meistringsnivå 1 i engelsk. (Sjå tabell nederst på siden).

Satsingsområde

IKT – digitale ferdigheiter

Alle våre elevar har nå eigen PC, og brukar desse aktivt læringsarbeidet. Det er utarbeidd eit sett PC-reglar som gjeld alle elevar frå 1.-10. steg, og vi arbeider med å planfeste kva digitale ferdigheiter elevane våre skal ha på kvart steg. Lærarane brukar programmet OneNote aktivt, og deler digitale ringpermar både med kvarandre og elevar. Skulane har ein ressurslærar som er frikjøpt i 20 % i tillegg til at vi har to IKT-lærlingar.

Auka læringsutbytte for elevar og tilsette

Skulen har hatt fokus på dei grunnleggjande ferdigheitene over tid, og ser nå etter kvart resultat av dette. Vi arbeider systematisk og strukturert med lesing i alle fag, og har utdanna to språk- og leserettleiarar. Ein av desse er også

Enhetsnavn	Enhetstype	Eierform	Kjønn	Trinn	Engelsk	Lesing	Regning
					2014-2015	2014-2015	2014-2015
Nasjonalt	Nasjonalt	Alle eierformer	Begge kjønn	Trinn 5	50	50	50
		Offentlig	Begge kjønn	Trinn 5	50	50	50
		Privat	Begge kjønn	Trinn 5	50	50	50
Oppland fylke	Fylke	Alle eierformer	Begge kjønn	Trinn 5	49	49	49
		Offentlig	Begge kjønn	Trinn 5	49	49	49
		Privat	Begge kjønn	Trinn 5	49	49	46
Vågåmo skule	Grunnskole	Offentlig	Begge kjønn	Trinn 5	50	50	51



lesepedagog. Skulen har også prioritert ressursar til reknepedagog. Dette året har vi lagt til rette for erfaringssdeling i personalet i større grad enn det som har vore vanleg før. Det er mykje god kompetanse internt, og det gjeld å dele det gode med kvarandre. Det er også spennande å sjå dette saman med IKT-satsinga. Det er fokus på dei grunnleggjande ferdigheteit i lesing, skriving, rekning, IKT og munnlege ferdigheteit i alle fag.

Læringsmiljø

Det er gode rutinar for arbeidet med Mitt valg på alle steg. Dette er eit fint hjelpemiddel i utvikling av godt og trygt klassemiljø, og vi ser at elevane og dei vaksne set pris på og har utbytte av å arbeide med dette.

Korpsopplæring/klassekorps

Vi har i samarbeid med kulturskulen drive opplæring i korpsinstrument på 3. steget. Dette er eit spennande prosjekt som vi håpar kan stimulere til auka rekruttering også i korpsmiljøet. Vi ser at denne opplæringa gjer at vi dekkjer mange kompetanse mål i læreplanen som vi elles ville hatt utfordringar med å nå. Opplæringa bidreg også til at elevane lærer på andre måtar enn tidlegare.

Samarbeid skule-heim

Foreldreskulen

Foreldregruppa er ein stor ressurs for skulen. Denne skoleringa har fått mange positive attendemeldingar. Vi brukar fire kveldar (april, juni, august og september) til å bygge nettverk i foreldregruppa samtidig som vi flettar inn relevant informasjon om skule og forventningar til heimen.

Heimesida

Vi har utvikle heimesida til å bli ein arena for både kommunikasjon og pedagogisk innhold.

Foreldra sine organ

Det er viktig å ha godt fungerande samarbeidsorgan, og legge til rette for at desse fungerer så godt som mogleg. Da er informasjon til og dialog med foreldregruppa viktig, noko skulen satsar spesielt på.

Stutt oppsummert er hovudutfordringane for Vågåmo skule:

- Å sikre nok ressursar til generell styrking, slik at vi kan halde talet på elevar som skal ha spesialundervisning nede
- Å få på plass nødvendig kompetanse i basisfaga norsk og engelsk
- Å rekruttere gode morsmålslærarar/tospråkleg opplæring
- Å få til eit godt nok fagleg og sosialt opplegg for nykomne elevar
- Nok og store nok rom

Lalm

Økonomi

Budsjettet for 2014 tilseier ikkje noko store krumspring og satsingar i nokon grad. Vi ligg på eit minimumsnivå, men skal likevel gjere det ytterste for å levere ei så god vare som råd. Driftsbudsjettet er skore ned til eit absolutt minimum, og vi kan ikkje gjere investeringar utanom det mest naudsynte.

Utfordringar

Merkantil hjelp fekk alvorleg sjukdom i september 2014, og dette fekk konsekvensar for arbeidsoppgåver for rektor. Elles er det vanskeleg å fylge opp alle satsingar, med eit så lite personale. Ein får mange «hattar» etter kvart, og for summe vert det ekstra stor belastning, sjølv om vi prøver å fordele arbeidsoppgåvene så godt vi kan.

Personale

Vi har sju lærarar i til saman 5,43 årsverk ved Lalm skule. Etter nokre år med utskiftingar i personalet, samt ein del fødselspermisjonar, har vi nå hatt eit stabilt personale frå hausten 2013. Vi har tre assistenter i 1,92 årsverk. Rektor med 80% administrasjon, og 20% vikarressurs. Etter nyttår 2015: 100% administrasjon.

Vikarsituasjon:

Vikarsituasjonen er utfordrande, og det har til tider vore svært vanskeleg å finne kompetente vikarar. Dette gjer det vanskeleg å fylge opp satsinga Mattelyst, som krev at ein leier inn ein del vikarar. Når personale både på Lalm, Vågå og Vågåmo deltek på dei same kursdagane, seier det seg sjølv at det vert kamp om dei få vikarane vi har. Rektor bruker mykje tid og ressursar på å sy saman ein leveleg skulekvardag, når vikarbehovet er til stades. Dette er svært utfordrande.

Arbeidsmiljø:

Arbeidsmiljøet blant personalet er svært godt, noko medarbeidarundersøkinga 2011, 2013 og 2014 viser. Vi gjer det faktisk betre frå år til år. Vi arbeider bevisst med miljøet blant dei tilsette og gjer det vi kan for at vi skal trivast i lag. Det er ein føresetnad for å gjere ein god jobb. Vi får dessutan attendemeldingar frå vikarar om at det godt å vere vikar hjå oss.

Elevtal, grupper og organisering:

1. kl.	2. kl.	3. kl.	4. kl.	5. kl.	6. kl.	7. kl.
5	8	11	17	6	6	8

Vi er ein firedele skule og dei to siste åra har vi hatt ei dreining i ressursbruken ved skulen, ved å prioritere dei lågaste klassestega. Dette heng sjølvslagt saman med at tidleg innsats er eit av satsingsområda innan Vågå-skulen.

1. og 2. steg er delt halve dagar.

3. steg er ei gruppe, men har òg nokre timer i lag med 1.-2., samt 1 ½ dag saman med 4. steg.

4. er ei gruppe, men har 1 ½ dag saman med 3.steg.

5.-7. steg er saman i ei gruppe.

Ressursar:

Vi er klar over at vi er ein fådelt skule som ikkje får fulldelt, men vi nyttar ganske mange timer til nettopp å dele stega. Ut ifrå elevgrunnlaget har vi langt ifrå nok timer til kvar klasse og det er forventa at stega er saman ein del timer.

Vi har tenkt mykje alternativt dette året og føler vel at vi strekkjer kreativiteten vel langt for å få kvardagen til å lykkast. Vi meiner at totalramma burde vore høgare da det er høgare krav til elevane alt frå 1. steg nå enn det var før. Det er også vanskeleg å drive tilpassa opplæring i norsk, matematikk og engelsk, samt variere arbeidsmetodane og få fleksibel organisering med dagens rammetimetal.

Med stadig større krav frå administrasjon og folkevalgte, bør ressursane ut til eininga aukast snarare enn at dei vert minka. Difor er det utruleg viktig at ressurstildelinga gjenspeglar desse krava og satsingane, om dette skal ha noko truverd.

Resultat:

I fleire år var nasjonale prøver ein årleg «happening» som ikkje vart teke særleg på alvor på Lalm skule. Vi har arbeidd hardt dei to siste åra med å snu denne oppfatninga og trenden. Vi vil at det gode arbeidet som vert lagt ned rundt om i klasseromma skal vise seg i resultata i dei nasjonale prøvene. Utifrå resultatet av dei nasjonale prøvene i 2011 var det nødvendig å setje inn tiltak for å betre resultatet. Dette var ein prosess som heile personalet tok del i, og det skulle gje eit felles lyft:

- * Ei haldningsendring hjå personalet.
- * Motivere elevane (og foreldra) til prøvene
- * Øve mot den spesifikke prøvesituasjonen
- * God jobbing rundt om i klasseromma

Resultata i lesing var glimrande dei to siste åra, og vi ser ei stor forbetring i engelsk òg. Derimot er resultata i matematikk attende på nivået vi var for to år sidan. Konkrete mål for kva vi forventar i 2014 har vi ikkje arbeidd med ennå, men vi har ein del tankar på papiret når det gjeld matematikk. Det er dessutan forventa at matematikksatsinga «Mattelyst» vil gje oss nytig lerdrom for å ta fatt på denne utfordringa.

Satsingar:

Skulen er involvert i to spennande pedagogiske prosjekt.

«Med reinen som læremester» og «Ei reise i Kvennberget» er to satsingar som går rett inn i eit av dei prioriterte satsingsområda til Vågåskulen, nemleg heilskapleg menneskesyn med sansebasert læring.

Innanfor det heilskaplege menneskesynet ønskjer ein å bygge satsingane rundt fem element og fem arenaer. Dei fem sansebaserte læringsvegane er gjennom kropp, øye, smak/lukt, øyre og handa. Dei fem arenaene er naturen, foto/visuell kunst, mat/smak, musikk og handverkstradisjonar. Desse satsingane skal alle stimulere det heilskaplege mennesket med siktemål å utvikle betre basisdugleikar og meir skapande individ.

Alt dette vert ivaretake gjennom desse satsingane.

Lalm skule fortsett med Foreldreskule for foreldra til dei kommande fyrsteklassingane, knytt opp mot satsingsområdet forpliktande samarbeid heim-skule.

Foreldra vil ungane sitt beste. Det vil også vi som jobbar i og med skule. Det er difor viktig at vi klarar å kommunisere og samarbeide for å jobbe med kvarandre. Foreldra som gruppe er også viktig for elevane sitt læringsutbytte og om dei trivst i skulen. Det er vist at om foreldra kjenner kvarandre godt og har tette nettverk, vil elevane også gjøre det betre i skulen.

Tidleg innsats er det tredje satsingsområdet vi jobbar med på Lalm skule. Dei siste par åra har vi hatt eit tettare og meir konstruktivt samarbeid med helsestyrer og PPT, noko som har kome elevane til gode.

Timeressursen i småskulen er auka. Etter mange år kor ein har lagt inn trykket på mellomsteget, har det vorte ein bevisst praksis for å leggje inn ressursane og trykket tidlegare i skulelopet. Vi dreg dessutan nytte av erfaringane frå ALU samlingane, sjølv om Lalm skule ikkje fekk dette heilt under huda, grunna diverse permisjonar og utskiftingar i personalet.

Vågå ungdomsskule

Personale

Ungdomsskulen god dekning av lærarar med godkjent utdanning. Skulen har god dekning av lærarar med realfag- og kroppsøvingskompetanse, medan vi dei neste åra har behov for å rekruttere norsk og framandspråklærarar.

Vågå kommune har fleire eldre lærarar enn landsnittet. 43,5% av lærarane i Vågå er over 50 år mot 33,6% på landsbasis. (GSI 2012)

Rammetimetalbruksbruk

Innføring av valfag, utviding av skuleveka med 1/2 time for 8. og 9. trinn i inneverande år. Gjeld alle frå hausten 2014. Det har vore ein svak auke i ressursbruk på undervisning til framandspråklege og assistentbruk frå 2013 til 2014. Dette er knytt til variasjonar i elevgruppa frå år til år.

Skulen vel å styrke teamleiar- og kontaktlærarfunksjonen for å avlaste administrasjonen som har leiing av vaksenopplæringa, rådgjevarfunksjon og 20% leiing av IKT-prosjekt i stillingane sine.

IKT-sasinga har gjort at alle elevar på ungdomsskulen no arbeider på pc som dei også har med seg heim. Alle vanlege klasserom har fått digitale tavler og skulen har tilgang på ein del læringsressursar som ligg på nett.

Nasjonale prøver

Nasjonale prøver 8. trinn 2014			
Indikator og nøkkeltall	Vågå ungdomsskule	Oppland fylke	Nasjonalt
Engelsk	46	49	50
Lesing	48	50	50
Rekning	45	49	50

Nasjonale prøver 8. trinn 2014			
Indikator og nøkkeltall	Vågå ungdomsskule	Oppland fylke	Nasjonalt
Engelsk	-	-	-
Lesing	49	53	54
Rekning	52	53	53

Elevundersøkinga

På elevundersøkinga frå hausten 2014 ser vi særleg eitt område der vi ligg markant under landssnittet, og det er punktet 'Støtte frå heimen'. Når det gjeld mobbing så er resultatet for ungdomsskulen 4,7, mot landssnittet 4,8 (av 5).

Utfordringar

- Sikre nok ressursar til generell styrking, slik at vi kan halde talet på elevar som skal ha spesialundervisning nede.
- Få på plass nødvendig kompetanse i enkelte fag – (norsk og framandspråk).
- Få på plass tilfredsstillande arbeidsplassar for lærarane.
- Morsmålslærarar/tospråkleg fagoplæring.
- Fornying av lærebøker som er utslitne eller forelda på grunn av endringar i læreplanane.
- Få auka forståing for heimane si viktige rolle som grunnlag for læring

Vaksenopplæring

Personale

Våren 2014 hadde vi to lærarstillingar på 90%, og av dette 20% til administrasjon. Desse to hadde ikkje godkjent lærarutdanning, men god realkompetanse innan undervisningsfeltet. I tillegg hadde vi heile våren inne ein ekstra lærar med godkjent utdanning i rundt 60% for å kunne dele elevane inn i tre undervisningsgrupper.

Frå hausten 2014 er det tilsett to lærarar med godkjent utdanning fast i 90% og ein lærar i 70% engasjement for skuleåret 2014-15. Dei to som er tilsett i 90% fast, arbeider 100% dette skuleåret for at vi kan følgje den modellen vi prøver ut med meir norskundervisning. Vi har også i heile 2014 hatt eit tilbod om matematikkundervisning 2t/v til nokre elevar i løpet av året.

Elevtal

Her har elevtalet halde seg stabilt, og vi hadde på det meste i 2014 29 elevar ved Vågå vaksenopplæring. Dette har vore ein blanding av busette flyktningar, personar gift med nordmenn og arbeidsinnvandrarar.

Rammetimetalsbruk

Vaksenopplæringa hadde våren 2014 ein grunnressurs på 34 timar. I tillegg var det heile våren utvida med ein del ekstra timar. Årsaken til dette, var store nivåforskjellar i elevgruppa, med blant anna fleire analfabetar. Det har difor vore naudsynt å dele inn i tre grupper etter nivå.

For skuleåret 2014-15, prøver vi ut ein modell med fleire norsktimar per veke for dei elevane som er inne i det første året av introduksjonsprogrammet. Det betyr at ordninga med språkpraksisplass berre blir nytta for dei som er på gruppe 3, og da vanlegvis er inne i andre året av introduksjonsordninga. Det har også vore tre grupper heilt frå starten i august 2014 på vaksenopplæringa med totalt 56 undervisningstimar per veke fordelt på desse tre gruppene. Målet med det auka timetalet, er å heve nivået til elevane i norsk skriftleg og munnleg.

Frå og med våren 2014 blir norskprøvene avvikla lokalt, mot at vi før sendte dei til Lillehammer. Dette medførte ein del kursing av prøvelærar og prøveleiar med opplæring i det nye prøvesystemet. Vågå VO har valt å avvikle dei skriftlege prøvene sjølv, og å samarbeide med Otta læringssenter om dei munnlege prøvene. Vi har stilt med lærar frå oss som munnleg sensor på Otta.

Dei skriftlege norskprøvene blir etter innføringa av dei nye prøvene gjennomført digitalt. Vågå VO har difor kjøpt inn fleire nye datamaskiner i 2014, og arbeider mykje med å gjera elevane vante til å arbeide på data.

Barnehage

Organisering

Barnehagen har vore gjennom store endringar dei siste åra. Det er ei felles leiing for alle barnehagane med ein styrar/tenesteleiar og ein assisterande styrar. Styrar/tenesteleiar er også tillagt ansvaret for samarbeidet i 6K barnehage, og møter hjå Fylkesmannen når det er barnehagesaker på dagsorden.

Økonomi

Barnhagane fekk ein liten sprekk på Lalm- og i Søre Grindstugu barnehage fordi vi frå hausten 2014 måtte ta inn meir personell enn det som låg inne i ramma. Dette for å kunne ta inn alle som hadde søkt barnehageplass, og som hadde rett på plass.

Personale

Vi har eit godt, kompetent og stabilt personale i våre barnehagar. Vi har kvalifiserte pedagogar i alle stillingar som krev dette. Vi oppfordrar kvart år dei tilsette til å bytte arbeidsplass imellom barnehagane for å få nye erfaringar.

Vurderingar

Vi gjennomfører medarbeidarsamtalar med alle tilsette kvart år.

Barneintervju

Vi har i 2014 for første gong intervjuet alle 4- og 5 åringane i barnehagane våre. Dette er ein del av eit større samarbeid med Fylkesmannen og 6K om «barn sin trivel». Spørsmåla våre har vi fått rettleiing på av Berit Bae og Thomas Nordal. Spørsmåla er delt inn i tre kategoriar; trivel, vennskap barn-barn, relasjon barn-voksen.

Alle barna som var intervjuet uttrykte at dei trives godt i barnehagen og hadde mange gode eksempel på kvifor dei gjorde det, og alle barna nemnte minst to dei likte å leike med, og at dei opplevde at dei hadde vene. At barna trives og har vene er godt å få bekrefta. Dette er grunnmuren for at barn skal kunne lære og utvikle seg.

Dette er ei undersøking som vi kjem til og gjere kvart år framover. På denne måten blir barna si stemme viktig for det arbeidet som blir gjort i barnehagen framover.

Barnetal i 2014

Barnehage:	Vår 2014	Haust 2014
Tessand	20 barn av desse er 4 under 3 år	17 barn av desse er 5 under 3 år
Lalm	41 barn av desse er 5 under 3 år	41 barn av desse er 5 under 3 år
Søre Grindstugu	75 barn av desse var 15 under 3 år	78 barn av desse er 19 under 3 år

Minoritetsspråklege

Søre Grindstugu barnehage har 12 barn som har eit anna morsmål enn norsk. Vi ser tydeleg kor viktig det er at desse kjem tidleg i barnehagen for å kunne få eit så godt norsk språk som mogleg før skulestart, og for å kunne kommunisere, leike, lære og utvikle seg i barnehagen.

Bygningar og uteareal

Bygningar og uteareal er i bra stand i alle barnehagane. Sjølv om det er i bra stand er det nokre praktiske løysningar som ikkje er optimale. Det gjeld stellerommet på Lalm barnehage. Utarealet i Søre Grindstugu blir oppgradert 2015 etter at kommunestyret sette av pengar på 2015 budsjettet.

Både Lalm- og Søre Grindstugu barnehage saknar vognskjul.

Elles er arbeidsplassane til førskulelærarane i Søre Grindstugu ikkje gunstige. Dei sitt på pauserom og møterom, og dette er svært uheldig da det blir mykje uro. Den tida dei har til førebuing og planlegging er nå bunden til arbeidsplassen, men på grunn av lite gunstige arbeidsplassar og for få arbeidsplassar

blir halvparten av denne tida lagt til heimearbeid. Det er også for få møterom i barnehagen, og med mange samarbeidspartnrar som BUP, PPT, habiliteringstenesten, samt foreldresamtalar (80 stk to gonger i året), medarbeidarsamtalar m.m. så blir det ofte kollisjonar.

Kontor til tenesteleiar/styrar er så lite at for å kunne samarbeide med ass. styrar så har vi i 2014 hatt eit kontor på kommunehuset som vi har disponert. Dette ser vi er heilt naudsynt med tanke på samarbeidet vårt.

Satsingsområde/utviklingstiltak

- Matte, musikk, ikt, smak, foreldresamarbeid, tidleg innsats.

Innanfor kvart av satsingsområda er det ei ressursgruppe som har ansvar for at matte, musikk og smak blir ivaretatt på kvar enkelt barnehage.

Frå hausten 2013 byrja vi med eit nytt satsingsområde i dei kommunale barnehagane i Vågå kommune: **Tal, rom og form.** Dette er ei satsing som skal vare over 2 år der alle 6 norddalskommune er med. Skulane har også matematikk som satsingsområde same periode som barnehagane. Vi er så heldige at vi har eit samarbeid med Matematikksenteret i Trondheim.

Barn er tidleg opptekne av tal og rekning, dei utforskar rom og form, dei argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik og eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin matematiske kompetanse.

Målsetjinga med denne satsinga er å bidra til at personalet ser moglegheiter for og engasjerer seg i barnas matematikklæring på ein slik måte at personalet:

- er ein god støttespelar
- stiller gode spørsmål
- motiverer og stimulerer
- lærer av barna og med barna

Matematikk i barnehagen er ikkje berre førebuing for vidare matematikklæring. Matematikk i barnehagen har ein verdi i seg sjølv her og nå.

Målet er å skape motivasjon, gode holdningar, interesse, nyfikenheit, matematikkglede, samt at barna lærar dei grunnleggjande konsepta innafor antal, rom og form.

For mykje god rettleiing og tips om ting de kan gjera saman med ungane, sjå www.matematikksenteret.no/content/2047/Matematikk-i-barnehagen

Musikk

Dei musikkansvarlege har to opplegg per månad for heile barnehagen. Det er kjøpt inn mykje utstyr og dei får litt ekstra tid til planlegging av opplegg.

Smaksprosjektet

Målsetting:

- Stimulere smakssansane til ungane
- ”Opne opp sinna” for sansebasert lærings og for fleire smakar
- Stimulere språkutvikling ved at ungane skal skildre kva dei smakar
- Lære ungane til å prøve nye ting dei ikkje har erfaring med

Det dei tilsette gjev attendemelding på er at det er mange prosjekt på ein gong, og at vi for seinare må vera flinkare til å gjere oss ferdig med noko før vi «hoppar» på neste utfordring.

Tidleg innsats

I 2014 har det vore prøvd ut eit 4 års opplegg der miljøterapeut og fysioterapeut har vore rundt i alle barnehagar og sett på det fysiske og det sosiale. Dette er ei forlenging av 4 års kontrollen som helsestyrer har ansvaret for. Dette vil nå bli evaluert våren 2015.

Overgang barnehage-skule

På hausten har fem åringane på Tessand-, Søre Grindstugu- og Tytingen barnehagen tre treffpunkt for å bli kjent med kvarandre på tvers av barnehagen. Dette er viktige treffpunkt for å bli kjente med kvarandre før dei startar saman på skulen om hausten.

På nyåret startar samarbeidet med skulen, fadderopplegg med 6.årssteg og møtepunkt med 1.årssteg. Det har vorte færre treffpunkt enn det står i overgangsrutinane, og det er mogleg at dette nå må evaluera og eventuelt endrast.

På Lalm har ein eit samarbeid gjennom heile året da både skule og barnehage ligg under same tak og det let seg lett gjennomføre både med formelle og meir uformelle treffpunkt.

Skulen ber også inn alle kommande foreldre til 1.årssteg frå hausten på foreldreskule på våren. Det er svært positivt at foreldre blir kjent med kvarandre da ein vi veit at det har positiv effekt på klassemiljøet på sikt.

Kompetanseheving:

- Matte/ tal, rom og form, samarbeid med mattesenteret ved NTNU, 6K prosjekt
- assisterande styrar avslutta si styrarutdanning våren 2014
- ymse kurs som går direkte inn i satsingsområda våre
- kurs som går på småbarn og omsorg

Utfordringar

Styrar og assisterande styrar har mange arbeidsoppgåver og ei stor personalgruppe. I periodar i løpet av eit arbeidsår kan det gå fleire dagar imellom vi er innom i barnehagane. Dette er til tider ei utfordring for oss, det å vera meir synlege.

Samstundes bør vi vera flinkare til å presisere at det er dei pedagogiske-leiarane som har ansvaret for si avdeling, barna og dei tilsette i det daglege.

Dette året har vi hatt ein del langtidsjukemeldte og vi ser at

det er skaper store utfordringar for personalgruppa generelt.

Mange av dei tilsette har tatt ekstra tak når det har vore prekært. Vi har ei personalgruppe som er godt kompetente, har mykje erfaring og som vi er stolte av.

Vi ser at det blir ekstra utfordring når pedagogar blir langtidsjukemeldte. Vi har omdisponert folk mellom barnehagane, men ser at ein blir ekstra sårbar i slike situasjonar.

Barnehagane er stengt tre veker om sommaren, jul og påske. Dette er både vi i administrasjon og dei tilsette sær tilfredse med. Dette sparar barnehagen mykje ressursar på, og gjer det enkelt for barna som slepp å forholde seg til mange vikarar gjennom året om dei tilsette skulle styrt all ferien sjølv. Vi får også sikra at alle barn får tre veker med samanhengende ferie. Det treng barna på lik linje med dei vaksne.

Vi er spente på omorganiseringa, kva det vil innebera av meir arbeid både for tenesteleiar og assisterande styrar, men også kva vi må legge frå oss/overføre til andre. For ein ting er sikkert; arbeidsoppgåvene vi har i dag blir ikkje borte. Vi må tenkje annleis på den «gamle styrarrolla», og finne andre måtar å organisere oss på i framtida. Endring som skal bli til det beste for dei tilsette, foreldre og dei som er aller viktigast; barna!

Kunst- og kulturformidling

Hovudformålet med tenesta er å tilby innbyggjarane og andre eit breitt spekter av kultur-, opplevings- og fritidstilbod, med vektlegging på oppleveling og trivsel, i regi av kommunen, statsinstitusjonar og lokale lag og organisasjonar.

Gjennom Den kulturelle skulesekken får elevane årlege profesjonelle kunst- og kulturtillit i ulike sjangrar, tilpassa ulike klassesteg, samstundes som dei blir inspirerte til aktiv deltaking og skaping. Målet er òg å få til lokale prosjekt, gjerne i samarbeid mellom lokale aktørar og profesjonelle kunstnarar.

Tenesteområdet har heile tida som mål å vidareutvikle Vågå som treffstad med kulturformidlingstilbod som basis.

Å legge til rette for eit breitt konserttilbod blir vanskelegare og vanskelegare. Honorar og utgifter ved konsertarrangement har hatt ein stor prisvekst som det gjer det vanskeleg å få dette til økonomisk. Vågå kulturhus ligg i så måte i eit skjæringspunkt når det gjeld antal sitjeplassar og billettpris. Ekstra vanskeleg vart det etter at ordninga gjennom Rikskonsertane vart slutt. Her hadde vi fine konsertar til ein minimal pris. Vi merkar og at vi nå er fleire kommunar i området som ynskjer å få dei same arrangementa (konsertar, teater, konferansar m.m.)

Det er eit prioritert mål og legge til rette for eit rikt lokalt aktivitetsmiljø i regi av lag og organisasjonar.

Av arrangement som er arrangert av Vågå kommune og andre, kan blant anna nemnast:

Vågåtreffen, Folkemusikk treffen, Kjelkerock, Vågå-dågå, Grendafestival i skogbygden og Skårvangen, Konsert på Hovdaspiggen, Traktor-rock, Fjellfilmfestivalen, Matmesse i Randsverk, Blåhø opp og Besseggenløpet.

	2013	2014
Tal på konsertar og arrangement	13	14
Lokale produksjonar	6	9
Populærkonsertar	3	4
Framande uttrykk	4	2
Profesjonelle arr. for grunnskuleelevarne	6	5
Oppretthalde netto driftsutgifter til kulturformidling pr innb. på 2007-nivå		

Vi har nådd målsettingane vi har hatt innanfor tenesteområdet.

Kino

Vågå kino har som hovudmål å tilby innbyggjarane og andre eit godt kinotilbod for barn, ungdom og vaksne. Vågå kulturhus har eit flott amfi som fungerer særsla bra til kino. Lyd- og bilde er oppgradert og bør gjeva alle ei god kinooppleveling.

Vågå kino bytte kinokveld frå torsdag til søndag dette året p.g.a. mange reaksjonar på at torsdag var ein dårlig kinokveld.

Sjølv om Vågå kino bytte kveld så har snittbesøket pr. fram-syning gått ned.

Vågå kino har avtale med N-kino om programmering av film.

	2014	2013
Tal på kinokveldar (ein film for ungjar og ein for vaksne)	28	28
Snitt på publikum pr film	43	49

Vågå bibliotek

Personale

Vågå bibliotek har til saman 1,50 stillingar. Biblioteket er ope for skuleklassar etter avtale.

Opningstider

Tysdag	Onsdag	Laurdag	Total åpn.tid/veke
12.00 – 19.00	12.00 – 19.00	11.00 – 14.00	17 timer

Lån frå andre bibliotek

Innlån av bøker frå andre bibliotek av litteratur som ikkje finst i biblioteket, har halde seg på same høge nivå som året før.

IKT på biblioteket

Vågå bibliotek har fire publikums-PC'ar med internetttilgang.

Biblioteket samarbeider m.a. med skulane, vaksenopplæring og dei andre folkebiblioteka i Nord-Gudbrandsdal.

Arrangement/aktivitetar

Gjennom året har vi fleire arrangement, som forfattarbesøk, seniorsurf, utstillingar og besøk frå skule og barnehage.

Idrett/folkehelse

Idrettsarbeidet blir ikkje regulert av nokon lov, men idrettsaktivitet og gode idrettsanlegg er viktige for at våre innbyggjarar i alle aldersgrupper er fysisk aktive og i god form. I så måte er og idrett eit satsingsområde i kommunen vår. Tenesta skal hjelpe til slik at det er eit aktivt idrettsliv i kommunen og at den fysiske aktiviteten, både organisert og uorganisert, er stor og god. Arbeidsområdet blir ivaretakne av folkehelsekoordinator.

Vågå kulturskule 2014

Året som gjekk – viktige hendingar

- Mye fine hendingar på teaterfronten:
 - o Oppstart av barneteatergruppe med 13 elevar i 3. og 4. årssteg
 - o Oppstart av teater HOTPOT, ei teatergruppe med kvinner frå ulike land, ca 50% norske damer. Storstilt framsyning under FN dagen. Gode omtaler. Eit viktig prosjekt som og held fram i 2015 med ny framsyning til hausten.
 - o Prøysencabaret med ungdomsteateret i mai. Vellukka framsyning med gode omtaler. Samarbeid med Vågåheimen og friviljugsentralen.
 - o Ungdomsteateret gjekk heilt til landsfestivalen på UKM. Stor suksess og særsla gode attendemeldingar
- Oppstart med samspel blåseprosjekt, i det som skal bli grunnlaget for Vågå skulekorps. Dei har både samspel og gruppetimar kvar veke, til saman 8 elevar. Parallelkjøring med Lalm skule og Vågåmo skule med både gruppetimar og samspeltimar for 3. klassingane. Våren 2014 var 3.klassingane med og spelte i barnetoget 17. mai. Veldig populært. Gode attendemeldingar frå elevar og føresette i 3.klasse.
- Vi held fram satsinga på karusell, med to lærarar på kvar stasjon – kvar gong. Dette fungerer veldig bra.
- Vi held fram med samarbeid med fotomiljøet om fotogruppe i regi av kulturskulen og med frivillige frå Vågå kameraklubb. Større deltaking enn førre skuleår. Dei har hatt to fine utstillingar.
- Elles har vi delteke på mange arrangement, eller vi har arrangert sjølve større og mindre arrangement. Både store konsertar i kulturhuset, kyrkjekonsert og mange små huskonsertar. Vi hadde og fleire elevar som gjekk vidare til fylkesmønstringa i UKM 2014, både på teater, litteratur og foto. Trekkspellevane er alltid med på både landsfestival, Vågåtreffen og NM i trekspel. Gode attendemeldingar og plasseringar.

- Kulturskuleturen er eit populært arrangement, med over 70 deltakarer, små og store. I år så vi Brørne løvehjarte og Hamlet på Det Norske Teateret, var på omvisning backstage på teateret, samt at vi hadde guidet bytur, med faren til danselæraren vår som guide.
- Aktivitetshuset vart «skina opp» litt, med nye omnar i kjellar og på personalrom, vi har fått nettilgang og skrivar og fått rydda og omorganisert personalrom til eit stort og godt undervisningsrom, i tillegg til at det er greitt å ha pause der.

Andre moment og behov framover

Dersom utviklinga går som vi håpar, vil vi ha behov for å få styrka ramma til å halde fram med blåseopplæring. I ramma for 2015 ligg dagens aktivitetsnivå når det gjeld lønsmidlar inne. Men vi håper at dette prosjektet veks i omfang. Vi arbeider no for å få ein organisasjon på plass, med eit styre og ei aktiv foreldregruppe som kan jobbe for å få inn midlar dersom elevmassa aukar, slik vi håpar på.

Vi har og ein framifrå teaterpedagog som gjer ein kjempegod innsats i både grunnskule og kulturskule, for skolemiljøet og enkeltelevar. Ho blir no lønna av bulystprosjektet når det gjeld HOTPOT og teaterarbeidet i grunnskulen. Vi ønskjer at dette arbeidet skal halde fram permanent.

Vi har lærarar som år etter år går i mellombelse og små stillinger. Dette er uheldbart og på kanten av lova. Målet må vere å gje kulturarbeidarane/pedagogane i kommunen gode og levelege vilkår, på line med pedagogar i skulen.

Halvparten av undervisninga er i dag på Vågåmo skule. Der er vi nærmast å betrakte som husmenn. Resten av undervisninga er på aktivitetshuset, eit kaldt, gammalt, slitt hus som treng sårt til oppgradering. Der rår vi oss riktignok sjølve, og det er godt, men huset trengs å gjerast noko med. I tillegg får vi i år bruke «Gemostugu» som base for korpsamspel og for bandundervisning. Dette betrar situasjonen noko.

Kulturskuleplanen er no inne i sitt siste år. Samarbeidsutvalet vil ta tak i dette ved nærmeste høve, slik at arbeidet med rulling kan byrje. Kulturskuleplanen må vere ambisiøs, men det må likevel vere realisme i den, og den må følgjes opp med vedtak i økonomiplan og budsjett.

Litt om utviklinga siste 10 år:

	2004	2006	2008	2010	2012	2013	2014
Busette i året	5	9	8	10	10	17	11
Buande, rekna 8 attende (inkl. barn født etter bersetting)	-	26	29	45	58	68	78
Sekundærflytta,inna 6 år frå bersetting	-	Ca 75 %	-	Ca 35%	-	-	Ca 24 %
Stillingar i Flyktningtenesta	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	150 %	150 %
Statleg tilskot integrering og undervisning.	Ca 2,9 mill	-	Ca 3,8 mill	-	Ca 7,1 mill	-	7,3mill

Landbakgrunn busette siste 10 år: Irak, Iran, Kongo, Somalia, Palestina, Syria, Afghanistan og Eritrea.

Flyktningtenesta

Flyktningtenesta har i 2014 vore bemanna med flyktning-konsulent i 100 % stilling og miljøarbeidar i 50 % stilling.

Tenesta busette i løpet av året 11 personar, der 9 av desse kom som kvoteflyktningar gjennom FN-systemet. Åtte var flyktningar på grunn av krigen i Syria. Ei høggravid kvinne vart busett som hastesak, og utløyser 5 års refusjon for barnet født etter ankomst. Dei to busette frå asylmottak var ein somalier og ei dame frå Eritrea. Med dette har vi busett 29 personar i inneverande periode for det politiske buseettingsvedtaket.

Refusjonar frå staten dekte kostnadene og det vart overført kr. 300.000.- til flyktningfondet. Fondet er no på vel 2 mill. kroner.

Sekundærflyttinga (tidlegare busette som vel å flytte til annan kommune) var på 5 personar. Busetting/lite sekundærflytting er med å opprettheld folketalet og gjer no at gruppa «tidlegare flyktningar og deira barn» utgjer om lag 2 % av befolkninga i kommunen, dvs ei gruppe som er om lag like stor som øvrige utanlandske innvandrarar. Flyktningtenesta har saman med idretten og kulturskulen langt på veg lykkast i å gje barn og unge 8 – 18 år eit tilbod om organisert aktivitet på fridida. Grunnskoleelevarane har ved hjelp av frivillige hatt eit godt tilbod om leksehjelp ein gong i veka.

Det har vore eit godt samarbeide med frivilligsentralen og enkelte lokale lag og organisasjoner. Det har gitt barn, ungdom og kvinner eit tilbod, men i mindre grad karane. Det har vore eit godt og breitt samarbeid med prosjekteiar i bulystprosjektet. Prosjektet var m.a. ein av bidragsyterane til teaterprosjektet Hot Pot, som var ein suksess på fleire plan.

Vågå Kommune har tatt tak i utfordringa med å gjera Introduksjonsprogrammet heilårleg og fulltids. Lovverk, krav og tilsyn er kjente og klåre, og vi har fortsatt ein veg å gå, m.a. for å koma opp i 37,5 timars veke på alle i programmet. Vidare har vi utfordringar i høve til nok tilgjengelege bustader, kompetansebygging og tverrfagleg tenking.

SEKTOR 3 – HELSE OG OMSORG

Heimetenesta

Heimesjukepleia:

Personalet i heimesjukepleia har stor kompetanse, og vi har hatt fleire oppdrag gjennom året med intensiv behandling i heimen.

60 % av dei tilsette har vidareutdanning.

Brukarane kjem fortare ut av sjukehuset nå enn før Samhandlingsreformen, noko som krev stor kompetanse.

Oppdrag:

2013 : 31.885

2014 : 34.898

Ei auke på 3013 oppdrag.

Heimehjelp:

Oppdrag :

2013 : 2.767

2014 : 2.330

Ein reduksjon på 437 oppdrag.

Desse to gruppene har kvar sin turnus, men det blir kvar dag vurdert «samarbeid» på tvers av yrkesgruppene. På denne måten får vi utnytta maks dei ressursane vi har. Det fører til eit godt arbeidsmiljø, og felles ansvar for brukarane.

34

Vi fekk tilført 2 årsverk i 2014. Det vart då skrive ein ny turnus med auka bemanning på helg og kveld. Personalet merkar dette godt, da kvardagen ikkje blir så stressa som før.

Personalet i heimetenesta er mykje ute på dårlege og glatte vegar, og vi treng ein god bilpark for at jobben skal være sikker. Vi har pr i dag 5 stk.

Innføring av Ipad. Vi tok i bruk dette hjelpemiddlet i 2013, og personalet ser stor nytte i dette hjelpemiddlet. Dei kan når som helst ute på bygda, logge seg inn, og få informasjon om brukarane.

Medarbeidarundersøking:

Svarprosent: 71 %

Fagleg og personleg utvikling: 5.2 (2013 : 5.1)

Nærmaste leiar: 5.4 (2013 : 5.2)

Organisering av arbeidet: 4.7 (2013 : 4.8)

Fråvær: 5.2 % (2013 : 4.7 %)

Brukarundersøking:

Svarprosent : 64

Brukarmedverking: 5,3 (2013 : 4.6)

Tryggheit og respektfull behandling : 4.7 (2013 : 4.7)

Tilgjengeleghet : 5,4 (2013 : 5.1)

Informasjon : 5.3 (2013 : 5.1)

Under spørsmålet tryggheit og respektfull behandling er det kommentert at vi ikkje viser legitimasjon. Vi må i 2015 skaffe legitimasjon for alle ansatte.

Ufrivillig deltid:

Det er 24 tilsette i heimetenesta pr 31.12 14, og av desse har 13 stk 100 % stilling.

Ved siste gjennomgang, var det eit gap på 1,7 årsverk.

UHT

Det har vore 3 prosjekt i UHT siste året.

1.Demens

2.Diabetes

3.Gjennomført legemiddelgjennomgang og samstemming, men ikkje kvalitetssikring i drift

TPS (tverrprofessionell samarbeidslæring)

Prosjektleder i UHT og tenesteleiar har vore på fleire møte med høgskulane i innlandet, for planlegging av ny praksis for sjukepleiarar, vernepleiarar og ergoterapistudentar.

Prosjektet startar i 2015, og Vågå, Lom og Skjåk deltek.

Lærlingar og studentar har vore inne i tenesta etter plan frå skulane.

Vi ser det som viktig å ta godt i mot desse, for evt vidare rekruttering.

Økonomi:

Forbruk i 2014 : 94.7 %

Plan fromver:

1.Skaffe legitimasjon for alle tilsette

2.Tilpassa ny organisering

Legetenesta

Vågå helseenter ynskjer å tilby eit heilheitleg helsetilbod til alle kommunens innbyggjarar.



I eit tverrfagleg miljø, yter vi oppdatert, kunnskapsbasert helsehjelp lokalt og i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Vi vil fremje bevisstgjering og kunnskap om helse hjå individ og i lokalsamfunnet. Utgangspunktet for vårt arbeid er respekt og omsorg for enkeltmennesket.

I februar 2014 flytta vi inn i nye, flotte lokal. Til stor glede for både oss som arbeider her og dei som skal bruke oss.

Vi har hatt stabil legedekning. Totalt 4 leger og 1 turnuslege. Stabil dekning av hjelpepersonell. Vi har hatt turnuslege i både halvårsperiodane, og alle legane har felles ansvar for rettleiing etter sentrale reglar.

Legestudent 2 gonger i året i 6 veker kvar periode. Irene Witt ansvarleg for oppfølging og rettleiing.

Det er i 2014 registrert:

9 832 konsultasjonar (listepasientar)
6 245 reseptbestillingar utan legekonsulasjon
199 sjukebesøk øyeblikkeleg hjelp
1987 telefoner med kommunehelse tenesta.

Sjukefråvær for legetenesta, psykisk teneste, fysioterapi og ergoterapi: Lågt, stabilt sjukefråvær:

Totalt sjukefråvær 2014: 1,60%. 2013 3,20%.

Dette er eit resultat vi er stolt over.

Tenesta for psykisk helse

Psikiatrisk Sjukepleiarteneste

Tenesta har 1,5 stilling psykiatrisk sjukepleiar, etter nedbemanning i 2013.

I 2014 ble den i halve stillinga tilsett som sjukepleiar. Ho tek vidareutdanning i "Psykisk helsearbeid og Rus", som er eit 2-årig deltidsstudie. Dette er ei utdanning som vil styrke det faglige nivået i tenesta.

I mars 2014 flytta vi inn i nye lokalar, noe som er ei stor kvalitativ betring, både for pasientar og personale.

Antall tenestemottakarar og litt om kjønn og alder:

Totalt 120 brukarar har vore i behandling i psykisk helse gjennom året; 76 kvinner og 44 menn

Unge tek i aukande grad kontakt eller blir henvist frå fastlege eller spesialisthelsetenesten. Snittalderen har gått ned.

Dagtilbod:

Antall personar som deltok i 2013: 25. Nokon deltek på fleire aktivitetar.

- Vågåtrimmen: 10

- Aktivitetsdag og gruppe på Frivilligsentralen: 5 frå Psykisk helse. Totalt opp til 15-20
- Individuelle tilbod: 9
- Turgruppe: 8
- Smiulykkja: 11
- Inn på tunet i vår teneste vart avvikla hausten 2014. Da mista vi eit trygt og godt tilbod for ei gruppe pasientar. Samstundes som vi sto utan lett tilgjengelege lokale som heimen/garden representerte. Den gode personalressursen vart halde fast på, og tenesta skal gis i kommunale lokale. Vi benytter Smiulykkja i Sjårdalen, i lokala til Grøn omsorg, samt Gammelstugu ved Frivilligsentralen, når den er ledig.

Pårørandeorganisasjon: I 2014 vart det avvikla ope møte i regi av LPP, Landsforeningen for Pårørande innen Psykiatri og DPS på Otta som i samarbeid med Psykisk helse Vågå.

Nervedagen:

Vellykka ope arrangement i samarbeid med næringsliv, landbruk, mental helse, skule, helsestasjon, frivilligsentral, sanitetsforening og organisasjonen Mot. Foredrag på kveld: Einar Gelius og Hein Kvalheim. Ein hel dag med psykisk helse på ungdomsskulen ligg fast i skuleruta.

Flyktningar: Vi informerer om psykisk helse som ein del av introduksjonsprogrammet saman med Helsesøster.

Kvalitetssikring

Arbeid med Psykososial Kriseplan samt ny Plan for psykisk helse og rus; et samarbeidsprosjekt med 6K, samordnet av Hege Loenzen og Helge De Presno. Dessutan planlegging av Kurs om krisehåndtering i samarbeid med Psykisk helse i de 6 Norddalskommunene. Dette skal avvikles i 2015.

Fysioterapi

Fysioterapi avdeling ved Vågå helsecenter med to stillinger som fysioterapeut. Både stillingane er 70 % privatpraktisende og 30 % fastlønna.

Arbeidsområdet er først og fremst rehabilitering og opptrening av pasientar etter skade og sjukdom, samt opptrening av pasientar med funksjonsfall grunna inaktivitet og aldring både på institusjon, poliklinisk og der kor det er naudsynt i pasienten sin heim.

Ergoterapitenesta

Kommunen har ein 90% stilling i ergoterapitenesta. Tenesta kan hjelpe folk som har ulike typar aktivitetsvanskar i det daglege liv. Arbeidsoppgåvene omfattar i hovudsak formidling og tilpassing av tekniske hjelpemiddel, og trening av daglegdagse aktivitetar. Tenesta gjev tilbod til heimebuande

eldre, helsestasjon, skulehelsetenesta, bufellesskap for personar med psykisk utviklingshemming og Vågåheimen.

Ergoterapeuten er kommunens syns- og hørselskontakt.

I 2014 vart 573 hjelpemidlar utlevert i Vågå, til ein samla verdi på 1,8 mill. kr.

Frivilligsentralen

Atter eit aktivt, stabilt år ved Frivilligsentralen, med ein fast «stab» på omlag 50 personar, men i løpet av året er i overkant av 100 personar innom.

Mange deltek på enkeltiltak, om dei ikkje er aktive gjennom heile året.

Å telja timer er ei vanskeleg oppgåve. Det er registrert **8100 timer**, talet er nok høgare, da enkelte ting lett fell utanfor tellinga.

Det er køyrd ut **6035 middager**, og **80** påfyllingar med strøsand. Til saman er det køyrd **24.884 km**.

Dei faste aktivitetane går som vanleg. Nytt av året er at vi har fått på plass frivillig leksehjelp for innvandrarar, både på grunnskule, ungdomsskule og vidaregåande nivå.

Julekvelden vart gjennomført for 60 personar, takka vere ein innvandrarfamilie som tok på seg ansvar for planlegging, matlagning og gjennomføring. All honnør til dei! Kvelden var bygd på norske tradisjonar, sjølv om dei fleste deltakarar var innvandrarar.

Frivilligsentralen har delteke i ei undersøking gjennom R.O (Ressurssenter for omsorgstenester) «Bruk av uorganiserte frivillige i helse- og omsorgstenesten». 14 personar vart intervjua, både frivillige, leiarar, pårørande og politikarar. Rapporten er lagt ut på <http://www.ro.no>

Utfordringar: Å bygge opp gode tiltak rundt innvandrarar med bruk av frivillige som supplement, er ei konstant utfordring. At vi alle er med og føler ansvar for at våre nye lands-

menn skal finne seg til rette og bli varande i Vågå. Ved års-skiftet arbeider vi med eit nytt tiltak for å få til aktivitetar for menn.

Bufellesskap:

2014 har vore eit spennande år med samlokalisering av tenesta for funksjonshemma og demente. Både tenestane er no samla i gamle Sjårdalen barnehage og barneskule. Brukargruppene har adskilte lokale, av fornuftige årsakar. Utfordringane knytt til organiseringa med tre bustader, fekk ei endring hausten 2014 med at alle bustadene blir der dei er. Det vart ein god nyheit for verjer og brukarar.

Sjukefråver:

Akkumulert gjennom:	2012:	2013:	2014:
Sjukefråveret var:	9%	6,9% (TFFH)	12,2 % 12,3% (dagsenteret)

(dekker både korttids- og langtidsfråver)

Resultatet i målkort for 2014 viser 12,2% sjukefråver. Målet på 6% vart ikkje nådd, grunna stort og samansett sjukefråver gjennom seinhausten 2013 og heile 2014. Fråveret dekker heile tenesta for funksjonshemma.

Endring i antall brukarar:

Bufellesskap har ved utgangen av 2014, fire ledige bustader. Avlastningsleilegheita er framleis i Moavegen bufellesskap. Tre nye ledige bustader i 2014 representerer intern flytting og to dødsfall.

Medarbeidarundersøking:


Det har vore gjennomført medarbeidarundersøking i 2014, med slikt resultat.

Bustadene:

År:	Svar%	Totalt snitt
2014	71%	4,1

Utfordringar

- Mobbing, diskriminering og varsling.
- Overordna leiing
- Faglig og personlig utvikling.



Frå Sjårdalen.



Målkort:

Målkort er eit godt egna verkty til å halde oversikt over dei utfordringane som tenesteområdet rår over, og resultata knytt opp til dette. Hovudmålet er å gje brukarane ei så god teneste som mogleg innafor dei gitte ramane som tenesteområdet rår over.

Måleindikator:	Måleområde:	M2011	R2011	M2012	R2012	M2013	R2013	M2014	R2014
Kor fornøyd ein er med arbeids-situasjonen sin	Medarb.u.s	4,5	4,6	4,5	4,6	4,8	4,5	5	4,1

Det er ikkje gjennomført brukarundersøking i tenesta i 2014.

Vågåheimen 2014

Ved inngangen av 2013 hadde Vågåheimen eit sjukefråver på 12%. Pr 01.01.2014 var sjukefråveret på 5,9%.

Vågåheimen har det siste året jobba mykje med sjukefråveret. Det er m.a. laga oppgåvebank som legane skal bruke ved gradert sjukemelding.

Økonomi:

Regnskapsavslutning viser at budsjettet har gått i pluss (ca kr 70.000,-)

Kompetanseheving:

- 7 personar på skjerma avdeling har gjennomført demensomsorgens ABC. Ei kompetanseheving som går over to år samt to seminar.
- Heile personalgruppa har hatt oppfrisking på Profil og Iplos vår og haust.
- Fagseminar Fagernes
- Hjerte/lungeredning
- Kurs for natt og skiftarbeidara
- Smertelindring
- Alle hjelpepleiere oppfriskning i med. lære.
- Gjennomgang av Cad-pumpe
- Legemidler og eldre
- Vold i nære relasjoner
- Inspirasjonsseminar for heile kommunen

Prosjekt:

- Deltar i samhandlingsprosjekt mellom Alderspsykiatisk avdeling og kommunale sykehjem.
- Jorunn Vesterås på frivillighetssentralen driv med eit prosjekt som skal rekruttere fleire frivillige inn på Vågåheimen. Pr. dags dato har prosjektet rekruttert 12 nye frivillige. Ellers blir det lagt ned eit enormt arbeid av dei frivillige som bingo, sangfuglane, blomsterdamene, besøksvenner m.m.

Kjøkken:

Hatt stort fokus på mat og har laga oss ein del gode rutiner. Kjøkkenet produserer 6227 middager i året som blir kjørt ut av frivillige.

Vaskeri:

Vågåheim har eget vaskeri. I 2013 ble det kjøpt inn ei ny rulle og ei litra vaskemaskina.

Arbeidsstugu:

Arbeidsstugu er både for brukarane på huset og for brukare ute i bygda. Det har vore stor aktivitet gjennom heile året, med gjennomsnittleg 8-10 brukarar.

Medarbeiterundersøking og brukarundersøkinga viser at personalet og brukarane liker seg godt i Vågå kommune. Medarbeiterundersøkinga og brukarundersøkinga viser at ansatte og brukare liker seg i Vågåkommune.

Tildeling og samhandling

Tildeling har hatt tilsett ein 100% saksbehandlar heile året. Helsefagleg rådgjevar endra namn til leiar for tildeling og samhandling, for å kommunisere betre til andre tenester og innbyggjarar kva ansvar som ligg i jobben.

Saksbehandlar har hatt møteansvar i interkommunalt møtefora 6K Helse etter at sektorsjefen sluttar. Saksbehandlarar har hatt noko ekstra bistand til saksbehandling hjå tidlegare vikar (særskilt sommarferieavvikling).

Saksbehandlar er Koordinerande Eining (KE), og har dermed ansvar for koordinering av pasientar frå sjukehuset, til andre kommunar og internt i kommunens tenester. Det overordna hovudansvaret for igangsetting av Individuell Plan (IP) ligg i denne stillinga, som ein del av KE. I det ligg det ansvar for å sjå til at det blir etablert ansvarsgrupper med koordinator, og då særleg i dei tilfella der det er uklårt korleis gruppa skal vere samansett. Dette er regulert av kommunens retningslinjer for opprettning av ansvarsgrupper med IP.

Ansvar for tenesteområdet Avlastning i privat heim er lagt til denne stillinga. Dette blir endra i 2015.

Saksbehandlar har ansvar for samhandling i form av medfinansiering og oppfølging i høve til betaling for utskrivingsklare pasientar. Saksbehandlar representerte 6K saman med Skjåk kommune i evaluering av tenesteavtalene med Sykehuset Innlandet hausten 2014.

Saksbehandlar har overordna ansvar for det elektroniske pasientjournalsystemet Profil og IPLOS, og har med to erfarte systemadministratorer. I januar 2014 starta Vågå

elektronisk meldingsutveksling med Sykehuset Innlandet/ legekontor med pleie- og omsorgstenesta/ tildelingskontoret som første kommune i 6K. Dette har vore ei auka kvalitetsikring av overføring av pasientinformasjon og gjort dokumentasjon av pasientforløp og samarbeid i 1. og 2. linetenesta betre.

Tjenestemottakere fordelt etter bistandsbehov per dato 31.12.2014

Bistandsbehov					
Aldersgruppe	Noe/ avgrenset	Middels/ stort	Om-fattende	Uoppgett	I alt
0 - 17 år	1	4	0	5	10
18 - 49 år	44	14	11	6	75
50 - 66 år	35	15	5	1	56
67 - 79 år	41	14	6	2	63
80 - 89 år	63	40	9	0	112
90 + år	13	19	5	0	37
Uoppgett	0	0	0	0	0
Totalt	197	106	36	14	353

Rapport generert fra IPLOS

Det er registrert 353 tenestemottakarar i heile helse og omsorg ved årsslutt 2014. Dette tilsvarer om lag 9,7 % av innbyggjarane i Vågå. Dette er ei auke frå 325 tenestemottakarar pr. 1.1.2012. (8,9% av innbyggjarane) Det er klart flest tenestemottakarar mellom 80-89 år, og dette er som forventa. Det er verdt å merke seg at vi har totalt 131 tenestemottakarar mellom 18 og 66 år. Dette stemmer overeins med den varsle dreilinga i auka omsorgsbehov for yngre innbyggjarar. Til samanlikning var det totalt 96 tenestemottakarar i gruppa 18-66 år pr. 1.1.2012. (Lagt til grunn innbyggjartal 3.675.)

Rapport om Vedtak og saksbehandlingstid etter bistandsbehov i 2014:

Bistandsbehov					
	Noe/ avgrenset	Middels/ stort	Om-fattende	Uoppgett	I alt
Antall vedtak					
I alt	116	111	36	27	290
Innvilget	105	98	33	23	259
Avslått	11	13	3	4	31
Prosentfordeling av vedtak					
I alt	100%	100%	100%	100%	100%
Innvilget	91%	88%	92%	85%	89%
Avslått	9%	12%	8%	15%	11%
Prosentfordeling av vedtak etter bistandsbehov					
I alt	40%	38%	12%	9%	100%
Innvilget	41%	38%	13%	9%	100%
Avslått	35%	42%	10%	13%	100%
Gjennomsnittlig tidsbruk i dager					
Tid fra søknad til vedtak	15.37	28.15	60.33	23.22	26.58
Tid fra vedtak til tjen.start	7.50	5.53	36.61	3.13	10.08
Tid fra søknad til tjen.start	14.03	13.10	46.39	13.57	17.76

Det vart skrive totalt 290 vedtak i 2014. Dette omfattar alle søknader og klagesaker om helse- og omsorgstenester i Vågå. 89% vart innvilga, mens 11% vart avslått. I snitt tar det 26,6 dagar frå søknaden blir registrert til det blir gjeve vedtak. I snitt tek det 10 dagar frå vedtaket blir gjort til tenesta blir sett i verk, men om ein ser på tid frå søknaden blir registrert til tenesta startar (utan vedtak) er det om lag 18 dagar.

Tenester blir gjeve dei gongane det er behov for det umiddelbart, medan det skriftlege vedtaket kan koma etter teneste-start. Døme på det kan vere tryggheitsalarm, matombringing og sjølvsgåt heimeteneste. Saker som krev meir kartlegging og arbeid for å koordinere rett teneste på plass kan vere støttekontakt, omsorgsløn, og andre forebyggande tenester. Døgnopphald på institusjon blir gjeve etter behov. Ein raud tråd er at det til einkvar tid skal vere forsvarlege tenester. Det er hovudsakleg nyttta tenesteleiarar til grunnkartlegging. Dette skal endrast i 2015, slik at tildelingskontoret i langt større grad reiser ut og gjer kartleggingar.

Økonomi

I høve til samhandlingsreformen vart ordninga med kommunal medfinansiering (KMF) av spesialisthelsetenesta avslutta ved årsskiftet i 2014-15. Pr. 5. mars 2015 var denne summen 4.656.018 kr. Det er tilbakebetalt 336.474 kr frå Sykehuset Innlandet 1. mars 2015. Det er varsla at endeleg oppgjer kjem i desember 2015. Det er fastsett at kostnaden for utskrivningsklare pasientar er 4.255 kr pr. døgn. Dette blir fastsett i statsbudsjettet. I Vågå har vi brukt 12.765 kr som tilsvarer 3 døgn. Vågå følger såleis trenden om at dei små kommunane er langt betre på å ta i mot utskrivningsklare pasientar raskt, sjølv om vi har kjøpt andre tenester for å dekke etterspørselet etter døgnopphald.

Vågå kommune har kjøpt korttidsopphald til behandling og rehabilitering frå Lom kommune, og korttidsopphald av fleire slag (ikkje avlastning) ved intermediaær sengepost Nord-Gudbrandsdalen lokalmedisinske senter (NGLMS). I 2014 var totalt kjøp 1.940.012 kr. Dette synliggjør at det har vore redusert 8 sengeplassar ved Vågåheimen, og at vi har hatt enkelte langvarige og kompliserte behandlingsforløp.

Avlastning i privat heim er rekneskapsført med eit forbruk på 166.453 kr.



Frå Hulderstigen.

SEKTOR 4 – LANDBRUK

Landbrukskontoret for Sel og Vågå

Resultat og måloppnåing 2014

Landbrukskontoret i Vågå er eit felles kontor for Sel og Vågå. Kostnadane delast likt mellom Sel og Vågå. I tillegg er det to stillinger som landbruksvikar knytt til ansvarsområdet. Kontorets primæroppgåver er rådgjeving, forvaltning av offentlege og kommunale tilskotsordningar retta mot landbruket og saksbehandling etter landbrukslovene (odelslov, konsesjonslov, jordlov, skogbrukslov) med tilhøyrande forskrifter. Kontoret har 5,2 årsverk fordelt på seks tilsette. I tillegg har vi ein person på arbeidstrenings. Det er felles skogbrukssjef for Vågå (40%), Lom (30%) og Skjåk (30%). Ein tilsett arbeidde i 20% stilling som regional BU-med-

arbeidar. Frå 1.5. 2014 har Vågå kommune seld landbrukskontortenester til Lom kommune tilsvarande 20 % stilling. Landbrukssjefen har funksjon som beredskapsansvarleg. Ein tilsett arbeidet inntil 20% stilling inn mot Nordheradsprosjektet.

Generelt: Gjeldande landbrukspolitikk medfører at landbruksnæringa i Vågå, som elles i landet, er prega av omfattende rasjonalisering. Dette betyr at talet på produsentar går sterkt ned, medan omfanget på dei attverande produsentane aukar. Talet på produsert liter eller tonn held seg stabilt eller syner ei lita auke.

Hovudmål	Måleindikatorar	Res 2010	Res 2011	Res 2012/2013	Mål 2013	Res 2014
Bidra til god utnytting av naturressursane i kommunen og tilgjengeleg tilskotsmidlar. Landbruksproduksjon på dagens nivå eller høgare	Fråvær i %	1,8	0,8	0,8	< 4	0,2
	Fagleg og personleg utvikling (MU)		4,4	4,4	4,5	4,0
	Næraste leiar (MU)		5,0	5,1	5,0	5,1
	Samarbeid og trivsel med kolleger (MU)		5,4	5,3	4,7	5,0
	Mjølkeproduksjon (kvote) i Vågå og Sel i million liter		16,9	16,9	16,9	16,9
	Avverkning i privatskogbruket i Sel og Vågå (m ³)			21 925	30 000	31 910
	Respektfull behandling (BU)		5,4	5,6	>5,0	Ikkje målt
	Brukartilfredsheit og service (BU)		5,3	5,5	>4,8	Ikkje målt
	Kvalitet på saksbehandling og fagleg rådgjeving (BU)		5,2	5,3	>4,8	Ikkje målt
	Informasjon frå landbrukskontoret		4,9	5,3	>4,7	Ikkje målt
	Landbruksvikartenesta		4,5	5,2	>4,5	Ikkje målt
	Kvaliteten på arbeidet til landbruksvikarane		5,1	5,4	>4,9	Ikkje målt


Landbruksplan for Sel og Vågå

I løpet av 2013 vart arbeidet med landbruksplan for Sel og Vågå gjennomført, i lag med faglag og politikarar. Hovudmålsettinga i planen er å auke landbruksproduksjonen i Sel og Vågå med 1 %, i tråd med den nasjonale målsetting. Handlingsplanen fungerer som ein plan for kva vi skal arbeide med/mot utanom lovpålagde oppgåver.




Ein av dessertane som vart komponert under Kokkekamp 2014.

Nøkkeltal frå produksjonstilskottsøknadane



Talet på mjølkeprodusentar går ned. Total mjølkekvote i Vågå har stabilisert seg og syner ei lita auke dei seinare år.



Dyrkajordarealet er nokolunde konstant. Ein del marginale areal er i ferd med å gå ut av drift. Det kan vere små areal som ligg for seg sjølv, som ikkje er driftsøkonomisk lønsamt å hauste.

Landbruksvikar

Landbruksvikarordninga skal vere ei sikring for gardbrukarar i samband med akutt sjukdom. Det er Vågå Avløysarlag som er ansvarleg for ordninga. Dei kjøper tenestene av Vågå kommune. Ordninga var i 2014 budsjettert med eit minus på kr 37 000,- og resultatet vart eit minus kr. 23 132 p.g.a manglande oppdrag (18 dagar).

Oppdragsstatistikk

	2010	2011	2012	2013	2014
Sjukdomsavløsing	341	312	363	302,5	342
Anna avløsing	106,5	142	75,5	120	94
Ikkje oppdrag	0	0	0	32*	18*
Sum dagar med avløsing	447,5	454	438,5	454,5	454

*Vikarane blir sysselsett på Teknisk sektor når det ikkje er oppdrag hjå gardbrukarar

Kommunal landbrukstilskottssordning

For 2014 vart det avsett kr 150 000,- til det kommunale landbruksfondet. Følgjande saker fikk innvilga tilskott i 2014:

Tiltak Tal saker	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Nydyrkning	2	3	2	3	1	2
Grøfting			1	11	4	5
Vassanlegg	0	1		0	0	0
Ungskogpleie	6	1	2	3	2	2
Skogsvegar	2	1	2	1	1	1
Skogsdrift i bratt tereng	1	0		0	0	0
SUM	11	6	7	18	8	10



Rikt utval av urtar og blomster i prestegårdshagen i Ullinsvin.



Frå Hulderstigen.

LANDBRUK



41

Vågå kommune gjorde avtale med Kjell Andersen om digitalisering av fotosamlinga hans.



SEKTOR 5 – TEKNISK SEKTOR

Sektor for tekniske tenester yter service til heile kommunen i form av varer og tenester. Drift og vedlikehald av vegar, bygg eller kommunale grøntområde er viktig for å kunne yte gode tenester og for at det skal bli triveleg for innbyggjarane og dei tilsette i kommunen. Sektoren skal legge til rette for at folk flest får utført bygg- og anleggstarbeid i samsvar med lover og forskrifter.

Byggesak/tilsyn

Hovudmålet for tenesta er å leggje til rette for at bygg og anlegg blir utført i samsvar med lover, forskrifter og planar. Kommunen skal yte god service og drive effektiv saksbehandling med høg kvalitet. I 2014 vart det behandla totalt 164 saker innanfor området. Fordeling av ulike saker går fram av tabellen nedanfor:

År	2014	2013	2012	2011	2010
Byggesaker	130	126	141	183	143
Frådelingssaker	11	18	19	17	25
Utsleppssaker	7	6	9	13	13
Andre saker	16	39	5	7	8
Totalt	164	189	174	218	189

42

Saksbehandlingstida for byggesaker held seg godt innanfor dei lovfesta tidsfristane. Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 12 vekers frist: 25 kalenderdagar
Gjennomsnittleg behandlingstid for søknader med 3 vekers frist: 13 kalenderdagar

Felles tilsynsteneste i byggesak

Kommunane Sel, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk har inngått ny vertskommuneavtale for felles tilsynsteneste i byggesak, gjeldande frå og med 2014.

Lesja var med i tilsynssamarbeidet fram til 01.07.2014 (etter gammal avtale), men har valt å trekke seg ut av samarbeidet.

Overordna mål for tilsynstenesta er i første rekke å sjå til at byggetiltak i kommunane blir gjennomført i samsvar med Plan –og bygningslova (Pbl) og gjevne løyve. Kommunen skal føre tilsyn i slik omfang at den kan avdekke regelbrot. Kommunen skal føre tilsyn ved allereie gjevne pålegg og når den blir merksam på ulovlege, ikkje bagatellmessige forhold. Kommunen skal også føre tilsyn med særskilte forhold etter nærmare forskrift frå departementet (Pbl § 25-1).

Tilsynet skal bidra til betre bygg, ved å sjå til at foretaka gjennomfører hensiktsmessig dokumentert kontroll. Ved å utføre tilsyn, vil ein sjå til at ansvarlege foretak har system for, og utfører den kontrollen dei er pålagt i høve plan- og bygningslova.



Vågåmo sentrum.



Sett i ein større samanheng vil utstrakt tilsynsverksemid bidra til å redusere dei samfunnsmessige kostnadene som følgje av byggefeil.

Vågå kommune som vertskommune har ansvaret for førebuingar, innkalling og leiing av tilsynet (tilsynsleiar), samt å utarbeide rapport etter kvart tilsyn. Saksbehandlarar (fagtilsynet) i dei einskilde kommunane har ansvaret for å finne aktuelle byggesaker for tilsyn, samt å delta på sjølve tilsynet. Saksbehandlaren (fagtilsynet) har også ansvaret for vidare oppfølging etter at tilsynet er gjennomført og rapport er utsendt. Dette går fram av "Rutinar for tilsyn i byggesak", jfr. pkt. 4 i Vertskommuneavtala.

Det har i 2014 vore gjennomført 38 tilsyn i dei 6 kommunane. Dette er 21 tilsyn mindre enn utgangspunktet for gjeldande avtaler. Det er berre Skjåk og Lesja som har fått fylt «kvota» i år. Bakgrunnen for dette er at det har vore vanskeleg for tilsynsleiar å få inn nok aktuelle byggesaker å føre tilsyn med, frå samarbeidskommunane. Dette må sjåast på som eit eingongstilfelle, og ein vonar at det blir enklare å få inn aktuelle tilsynssaker i 2015.

Utfallet av tilsyna er klassifisert i høve til tabellen under:

Nivå:	Konklusjon:	Tillitsforhold:	Rapportering:
1	Ingen/ubetydeleg svikt i kontroll er registrert	Tilliten til foretaket er fullt ut bekrefta	Ingen
2	Det er registrert svikt i kontrollen, men ikkje vurdert som vesentleg	Foretaket har fortsatt myndighetenes tillit	Åtvaring/merknad(er) registrert. Kopi til DIBK
3	Det er registrert vesentleg svikt i kontrollen	Tilliten til foretaket er svekka	Varsel om eventuelle sanksjoner. Kopi til DIBK

Vågå kommune:

Det har i 2014 vore gjennomført 6 tilsyn i Vågå kommune.

Resultata frå tilsyna er som følger:

- 4 av foretaka har fått nivå 1
 - 1 av foretaka har fått nivå 2
 - ingen av foretaka har fått nivå 3
 - eitt av tilsyna er ikkje nivåsett
- 1 av foretaka som har fått nivå 1 har fått merknader

Tilsyna har også i år fokusert på foretaka sine kvalitetsstyringssystem, og den praktiske bruken av desse. Vi har også i nokre saker sett på Universell utforming og Energi, som var fokusområde for tidsavgrensa krav til tilsyn for 2013 og 2014 (jfr. SAK 10 § 15-3).

Dei fleste foretaka har også i 2014 vore positive til å få tilsyn. Ein gjennomgående attendemelding frå foretaka er at tilsyn er nyttige og lærerikt, og at det er noko dei ynskjer velkome. Dei får gjennom tilsynet bekrefta om det dei har av rutinar, kvalitetsstyringssystem, kontrollar og sjekklistar er tilfredsstillande i forhold til krava i Plan- og bygningslova med forskrifter. Dei fleste ser også at ordninga med dokumentert eigenkontroll blir meir rettferdig når alle kan forventa å bli kontrollert.

Kart og oppmåling

I 2014 fordeler utarbeidde matrikkelbrev og seksjoneringar seg slik:

Matrikkelbrev	Seksjonering
32 stk	5 stk

Utarbeiding av matrikkelbrev gjeld i all hovudsak frådeling av tomter/parsellar. Ein mindre del er knytt til tinglysing av eldre punktfester i Langmorkje statsallmenning.

Adresseprosjektet, tildeling av vegadresser i heile kommunen, vart avslutta som prosjekt i 2014. Da kommunen har ansvaret for all adressering, er oppgåvene i samband med dette å tildele og endre adresser etter kvart som behov oppstår.

Også i 2014 har det pågått kartleggingsprosjekt (Geovekstprosjekt), der forbetring av situasjon og høgdegrunnlaget i sentrale delar av kommunen er det primære.

Statens kartverk innfører nytt høgdegrunnlag: NN2000. I samband med dette vart kommunane pålagde synfaring / rydding av ei rekke punkt som skulle målast opp.

Matrikkelarbeid har lagt beslag på vesentlege ressursar i 2014. Dette gjeld m.a. innlegging av eigedommar og retting av grenser. Gjennom SIM-prosjektet (Statskog i matrikkelen), har eigedommane i statsallmenningane vore gjennomgått med vektlegging på tema som grenser, bygningsinformasjon, adresser og aktuell festar. Statskog skal i framtida nytte matrikkelen som sitt eigedomsregister.

Som lokal matrikelmyndighet matrikkelfører vi og alle sakene for jordskifteretten.

Det same gjeld for Statens vegvesen.

Ansvarleg ingeniør for kart- og oppmålingsavdelinga i kommunen hadde i 2012 60% stilling som oppmålingsingeniør og 40% stilling som brannsjef/leiar beredskap.



Vågå brann- og redningsteneste

Hovudmålet med tenesta er at Vågå kommune har eit brannvesen som er organisert, utrusta og bemanna, slik at oppgåver pålagt i lov og forskrifter blir utført på ein effektiv og sikker måte, sett i høve til kartlagt risiko og sårbarheitsanalyse. Dette sett store krav til mannskapet og vi er avhengige av å ha moderne og godt utstyr vi kan stole på ved alle typer oppdrag vi støyter på.

Vågå har ein brannstasjon med adresse Industrivegen 37 i Vågåmo.

Brannvesenet har i 2014 bestått av ein innsatsstyrke på 11 brannkonstabler og 5 uthyrkingsleiarar.

Det er alltid ein uthyrkingsleiar på vakt. Det er fast vaktordning for brannkonstablane i påska og elles etter behov. Uthyrkingsleiar har også bakvakt for alle kommunale bygg, heisalarmer og innbrotsalarmar.

Brannvesenet er med i prosjektet «mens du venter på ambulanse» i samarbeid med norsk luftambulanse. Mannskap i brannvesenet går gjennom eit spesialkurs som gjev innføring i førstehjelp ved akutt sjukdom og/eller ulykker. Brannvesenet er utstyrt med ein akuttbag med bla. oksygen, førstehjelpsutstyr og hjertestartar.

I akutte situasjoner kor ambulanse-ressursar er langt unna, vil mannskap frå brannvesenet rykke ut og gje pasientbehandling inntil ambulanse/lege er på plass. Dette er ei ordning som nå brer om seg i heile Norge og har hausta mykje ros frå ambulansepersonele, legear og ikkje minst pasientar.

Brannvesenet blir utalarmert frå 110-sentralen innlandet på Elverum (dekker alle kommunar i Hedmark og Oppland)

Utrykkingar:

Brann og redning	år:	2014	2013	2012
Brann i bygninger		1	2	1
Trafikkulykker		10	5	11
Brann i gras og kratt		7	2	4
Pipebrann		5	2	4
Skogbrann		0	0	0
Bilbrann/traktor/container		4	2	0
Falske eller unødige alarmer		12	11	15
Ambulanseoppdrag		3	6	5
Innbrotsalarmar i kommunale bygg		18	16	19
Anna assistanse		15	10	7
Vass-skade		0	5	2
Sum oppdrag		75	61	68

Vågå brannvesen har hatt 75 uthyrkningar i 2014. Det har vore fåe bygningsbrannar det siste året noko som er gledeleg.

Det er ein del falske eller unødige brannmeldingar.

Fleire av desse uthyrkningane går til trygde/omsorgsbustader

og kommunale bygg med direkte brannvarsling til 110-sentralen.

Brannvesenet blir oftere utkalla til alle typer redningsoppdrag. Eksempel på dette er flom og ras, trafikkulykker, bistand til ambulanseoppdrag, vasslekasjer, akutt forureining, heisalarmer og innbrotsalarmar i kommunale bygg.

I tillegg til brann og ulykkesberedskap har brannvesenet ansvar for brannførebyggande arbeid og feiring. Det er registrert 1916 skorsteiner og 1726 bustader som skal ha feiring og tilsyn med fyringsanlegg.

Feiring og tilsyn er ei lovbestemt oppgåve. Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn regulerer utføringa av feiringa. Behovsprøvd feiring opnar for at feiring skal gjennomførast etter behov og minst kvart fjerde år og at det skal gjennomførast tilsyn med fyringsanlegg i bustad minst kvart fjerde år. Brannsjefen i Vågå legg opp til at alle piper skal feiast kvart anna år og tilsyn kvart fjerde år.

Den faste årlege feie og tilsynsavgifta skal finansiere sjølvkostordninga med tilsyn av fyringsanlegg og behovsprøvd feiring i kommunen.

Det er i tillegg registrert 70 særskilde brannobjekt som brannvesenet har tilsyn med.

Oppdrag:

Feiring og tilsyn	år:	2014	2013
Feiring av piper		950	1045
Bustadtillsyn (tilsyn med fyringsanlegg)		305	326
Branntillsyn særskilde brannobjekt, type A		29	32
Branntillsyn særskilde brannobjekt, type B		11	8
Branntillsyn særskilde brannobjekt, type C – freda anlegg		10	12

Sluttkommentar:

Brannsjefen meiner at brannvesenet også i 2014 har utført dei pålagde oppgåvene på ein tilfredsstillande måte.

Arbeidsforholda i brannvesenet er gode, med moderne brannstasjon, bra utstyr, motiverte mannskap og godt arbeidsmiljø. Feiring og tilsyn, informasjonsarbeid om brannførebyggjande tiltak, brannøvingar med ulike verksemder i kommunen og informasjonskampanjer i samarbeid med DSB, Norsk brannvernforening og EL-tilsynet v/Eidefoss har vore viktig for oss i 2014.



Kommunal veg

Vågå kommune har ca. 85 km kommunal veg. Vedlikehaldet av dei kommunale vegane er sett bort gjennom ei anbodskonkurranse. Det er Skogen Entreprenør AS som har hatt drifts- og vedlikehaldskontrakt med funksjonsansvar i perioden 2008 – 2013, og vi har valt å nytte oss av 1 år opsjon slik at denne kontrakten har vart til hausten 2014. Det er no vorte sett ut anbod på ny vintervedlikehaldskontrakt i perioden 2014 – 2019 med oppdragsgjevarverstyrt opsjon på 1 år fram til og med 30.09.2020.

Det vart vald to nye entreprenørar etter konkurransen: Kristian Gården og sønner AS og Even Sveen maskinservice. Kommunen ser eit innsparingspotensial ved å splitte opp kontrakta på vintervedlikehaldet. Det er vorte splitta opp i rodar, noko som har opna opp for ei breiare konkurranse der fleire aktørar har gjeve inn pris.

For sommarvedlikehaldet har kommunen laga kontrakt som i mykje større grad er lagt opp til bestilling av arbeid etter faste einingsprisar. Kontrakt fram til i dag har vore forma ut på ein slik måte at alt arbeid inkludert tilsyn er lagt over på entreprenøren. Dette er, etter rådmannen sitt syn uheldig, og meiner det ligg eit imteningspotensial ved å ta hand om styringa av vegvedlikehaldet i mykje større grad enn den førre kontrakten opna for.

Det er no vorte sett ut anbod på ny sommarvedlikehaldskontrakt i perioden 2014–2019 med oppdragsgjevarverstyrt opsjon på 1 år fram til og med 31.10.2020.

Det vart vald ny entreprenør etter konkurransen og det vart Skogen Entreprenør AS.

I tillegg har kommunen ansvaret for vintervedlikehald av 3 stk. private vegar i kommunen med ei totallengd på 5,55 km. Øyomsvegen vart frå 01.01.2015 politisk vedteke klassifisert som privat veg.

Vegbudsjettet er i all hovudsak bunden opp i vedlikehaldskontrakt med entreprenørar. Denne kontrakta inneheld i hovudtrekk følgjande:

- Sommarvedlikehald med salting, høvling, gruslapping, grøfter, stikkrenner, kantslått, rekkverk, krattrydding, feiing av vegar og gater, vegskilt, ferister m.v.
- Vintervedlikehald med brøyting, høvling, utkjøring av snø frå sentrum, stikkrenner, brøytestikk, strøing, beredskap m.v.

Vågå kommune driftar i dag gateljos langs fylkes- og kommunale vegar, der i blant i bustadfelt og sentrumsområdet. Det er i budsjettet lagt inn ein føresetnad om at gateljoset blir slått av delar av døgnet.

Vågå kommune har i dag ikkje tilskottsordning til privat veg.

Kommunale bomvegar

Blåhøvegen:

Blåhøvegen vart brøya opp til parkeringa ved Vole og opna for trafikk før påsken i 2014. Vegen vart deretter stengt for opptørking og for å få betre stabilitet. Vegen vart så opna heilt til toppen. Det var i 2014 utført brøyting av vegen, reparasjon av dekke og høvling.

Slådalsvegen:

Her vart det i 2014 utført brøyting av vegen, reparasjon av dekke og høvling.

Budsjett for oppgradering

Det vart i 2014 ikkje løvd midlar til oppgradering. Det var i budsjettet for 2013 løvd 2,5 millionar kr til oppgradering av kommunale vegar. Hovudutvalet for teknisk (HTLN) vedtok å ruste opp Storrviksroa og Bruvegen.

Utbetringa gjekk i hovudsak ut på å skifte og supplere stikkrenner, for å vere betre rusta mot større nedbørsmengder.

Vidare vart det også auka vegbredd og siktlinje på uoversiktlege parti og nytt dekke. Dette arbeidet vart fullført i 2014.

Plan og miljø

Ansvarsområdet innan plan omfattar arbeid knytt til kommuneplanens samfunnsdel og arealdel, behandling og utarbeiding av reguleringsplanar samt behandling av dispensasjonsaker frå planverket. Miljøområdet famnar ansvar og oppgåver knytt til forvaltning av vilt og fisk, friluftsliv, biologisk mangfald, motorferdsel i utmark, inngrep i vassdrag, forvaltning av mindre verneområde og saker som gjeld forsøpling.

Forslag til samfunnsdel var på høyring i starten av 2014. Det har etter høyring vore arbeidd meir med visjon og satsingsområde. Arbeidet med revisjon av kommuneplanen er noko forseinka med bakgrunn i at den eine av dei to plan- og miljørådgjevarstillingane har vore sett i vakanse også ein vesentleg del av året 2014. Kommunestyret vedtok i 2014 justert framdriftsplan som legg opp til vedtak av samfunnsdelen i løpet av hausten 2015 og endeleg vedtak av arealdelen våren 2016.

Det vart i 2014 godkjent 3 private reguleringsplanar; reguleringsplan for Smedsmo, reguleringsplan for Tolstadmoen masseuttak og reguleringsplan for Åsstad masseuttak. Det vart elles gjort reguleringsendring av ein plan. Det vart i 2014 gjennomført oppstartmøte for 4 reguleringsplanprosesser, derav 2 private planinitiativ, som framleis er i prosess.

Det vart i 2014 behandla 12 søknader om dispensasjon frå gjeldande planar. Ein søknad vart trekt av søker før endeleg behandling, og 6 søknader var innvilga, og 5 avslag. Det kom klage på eitt av avslaga.



I 2014 vart det gjeve 4 løyve til motorferdsel i utmark på snødekt mark, 4 løyve til motorferdsel på barmark og 3 landingsløyve for helikopter. Det er elles 13 fleirårige løyve for leigekøyring fordelt geografisk i kommunen.

Kommunen har følgd opp forvaltning/skjøtsel av dei 6 mindre verneområda i kommunen som tidlegare år. I naturreservata Sandehorten og Vistehorten har det i 2014 vore organisert beiting, rydding av einer og hogst for å ivareta verneverdiane i områda.

Ang. hjorteviltforvaltning kan det for 2014 rapporterast følgjande for elg og hjort:

Det vart felt 98 elg i 2014 og dette er 13 dyr fleire enn førre året. Ein vesentleg auke av dette talet skuldast høgare uttak av trekkeleg i Langmorkje statsallmenning. Bestanden av elg er svakt aukande innanfor heile kommunen. Det vart felt 64 hjort. Dette er 9 dyr fleire enn året før og hjortbestanden er sterkt aukande i enkelte område, og det er ønskeleg med ei høgare avskyting.

2014 har vore eit år med mykje tap av sau på beite til rovvilt. Som ein følgje av det har det pågått skadefellingsforsøk stort sett heile sommaren. Dette er ressurskrevjande for kommunen da det krevjar mykje koordinering, organisering og rapportering.

VARS området

Vatn og avlaup

Vatn og avlaup er sjølvkostområde der gebyra skal dekke kostnaden med drifta av tenesta. Sjølvkostfond har ikkje lov å vere negative og Vågå kommune må difor få bygd opp sjølvkostfonda slik at dei får positiv balanse. Frå utgangen av 2014 peikar pila rett veg.

46

Økonomien i sjølvkostområdet må sjåast over ein periode på tre til fem år. Ved slutten av 2014 var sjølvkostfond for vatn positivt med kr 800 000,- og avlaup positivt med kr 17 000,-. Dekningsgrad var på 112,7 % på vatn og 100,3 % på avløp.

Ein normal vinter gjorde at dei vart få problem på både vatn og kloakk i løpet av 2014.

Kameraundersøking vart utført av vatn- og kloakkledning frå Øygardsvegen opp Skjellvegen etter at det viste seg å vere lekkasje på dette strekket. Kloakkledning er stort sett ok, men vatnleidninga er ganske øydelagd summe plassar og må skiftas ut.

Renovasjon

NGR jobbar stadig for å forbetre seg og levere gode renovasjons-tjenester til beboarar i Vågå kommune. Frå utgangen av 2014 er sjølvkostfondet positivt med ca. 2.0 mill. Dekningsgrad var på 74,1 %. Grunna det store positive sjølvkostfondet kunne Vågå kommune fryse avgifter på renovasjon i 2014. Dette gjerast slik at fondet ikkje veks seg for stort og ei viss balanse blir helde.

Septik

Frå og med 1.1.2013 er det Miljøservice AS på Stryn som leverer septiktenester i Vågå kommune. Septik er eit eige sjølvkostområde der inntektene skal dekke kostnaden med innsamling, kontroll av infiltrasjonsanlegg og behandling av septik. Sjølvkostfondet var negativt ved utgangen av 2014 med 42 000,- og ein dekningsgrad på 101,3 %.

Behandling av avvatna slam skjer ikkje lenger ved Vågåmo reinseanlegg, men sendast til Myrmoen på Sel til godkjent mottak der. Etter to år med ny leverandør er Vågå kommune svært tilfreds. Dei har vore pålitelege, tømmer etter oppsett plan og er svært ryddige leverandørar. Vågå kommune har ikkje hatt noko klagar i etterkant.

Kommunale eigedomar

Vågå kommune sin eigedomsavdeling består av:

- 1 ingeniør (1,0 årsverk) – tenesteleiar med ansvar for budsjett og økonomi, samt driftsansvar for avdelinga
- 1 ingeniørar (1,0 årsverk) med ansvar for prosjekt- og byggeleiing av investeringsprosjekt.
- Vaktmeisterteam med 6,4 årsverk fordelt på 8 vaktmeistrar med leiande vaktmeister.
- Reinhaldsteam med 16,0 årsverk fordelt på 23 reinhaldarar med leiande reinhaldarar.
- Sysselsettingsgruppe (1,0 årsverk - Sysselsettingskoordinator), med varierande tal deltagarar (3 – 12 personar) elles i gruppa.
- Totalt tal på tilsette: 34 inkl. leiar for avdelinga.

Vågå kommune sin eigedomsavdeling har ansvar for:

- FDVUS - Forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service av kommunens eigedomar
- Reinhald av alle kommunale formålsbygg
- Prosjektutvikling og byggherrefunksjonen for kommunen
- Eigedomsutvikling inkl. kjøp og sal av kommunal eigedom
- Disponibelt areal vel 33.400 kvm
- Investeringsprosjekt i ulike fasar
- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens park-/grøntanlegg på om lag 50 dekar
- Kjøp og sal av kommunale tenestebilar, samt kontroll og vedlikehald av desse
- Kommunale innkjøp, med representant i fagrådet for kommunalt innkjøp i 6K

I tillegg til Vågå kommune sine eigedomar, har eigedomsavdelinga administrativt ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Kolbotvegen sameige på Lalm. Kolbotvegen sameige er på totalt 8 bueiningar, der kommunens del er på 5 trygdebustader. Kommunen har ikkje lukkast i å selje 1 av desse bustadene, som planlagt, men vil på nytt legge den ut for sal, vurdert etter marknad/etterspurnad. Den samla eigedomsmassen er på vel 33.400 kvm. Areala fordeler seg på følgjande byggkategoriar:



Type bygg	Kv.m	
Skule- og barnehagebygg (skule)	6 800	
Skule- og barnehagebygg (barnehage)	1 554	
Helse- og omsorgsbygg (inkl. omsorgsbustadar)	8 943	Vågåheimen, helsecenter og 25 omsorgsb.
Administrasjonsbygg	3 400	
Idrettsbygg	2 400	
Kulturbypgg	3 865	
Utleigebustader	2 240	30 einingar
Trygdebustader	2 555	35 einingar
Andre bygg	1 730	
Sum	33 487	

Vaktmeisterteamet og sysselsettingsgruppa yter også hjelp til kyrkja, flyktningtenesta og til ulike kulturaktivitetar. Hjelp til kyrkja dreiar seg mest om graving av graver, stell av grønt-areal m.m. Dette arbeidet er på om lag 1.000 arbeidstimar pr. år.

Større prosjekt som sektoren hadde ansvaret for i 2014;

- Ombygging av gamle helsecenteret på Vågåheimen, til 5 nye kortids- og rehabiliteringsplassar (sjukeheimsplassar), kontorlokale for Heimesjukepleia, samt kontor- og treningslokale for fysioterapi
- Prosjektleiing for Vågå Næringssselskap – bygging av lagerhall for utleige til Artisti AS, på industriområdet i Vågåmo



Under Aktiv sommarferie var det mange aktivitetar – her baking i Jutulheimen.

Returadresse: Vågå kommune, Edv. Stormsveg 2, 2680 Vågå

Fakta

Nødnummer: Brann: 110 Polit: 112 Ambulanse: 113

Teknisk vakt vavn og avlaup: 41 69 49 15

Legevakt: 61 700 800

Brøyting/strøing – 48 02 85 52

Brannvesenet (ikkje akutt) – 99 48 75 70

Servicetorget

Måndag – Fredag 07.30 – 15.00

Tlf 61 29 36 00

Fax 61 29 36 01

postmottak@vaga.kommune.no

Vågå bibliotek

Tysdag 12.00 – 19.00

Onsdag 12.00 – 19.00

Laurdag 11.00 – 14.00

Tlf 61 29 36 30

biblioteket@vaga.kommune.no

Vågå helsecenter

Måndag – Fredag 08.00 – 15.00

Tysdag 09.00 – 15.00

Tlf 61 29 37 00

resepsjon@vaga.nhn.no

Vågå miljøstasjon

Tysdag 12.00 – 18.00

Fredag 12.00 – 15.00

Tlf 97 55 47 44

www.ngr.no

Andre telefonnummer i Vågå:

Søre Grindstugu barnehage 61 29 38 50

Vågåmo skule 61 29 38 00

Lalm skule 95 05 72 83

Lalm barnehage 61 23 93 40

Tessand barnehage 61 23 86 66

Vågå ungdomsskule 61 29 39 00

Aktivitetshuset 61 29 38 92

Vågå kulturhus/Vågåhallen 61 29 39 50

Frivilligsentralen 61 29 37 88

Vågå Fjellstyre 61 29 37 37

Vågåheimen 61 29 37 50

PP-kontoret (regionalt) 61 70 08 40

Barnevernstenesta for Vågå og Sel .. 61 70 07 00

NAV Vågå 55 55 33 33

Dagsenter Sjårdalen 95 28 31 20

Billettelefon 61 29 36 20

